


# Jølst

UTGJEVE AV JØLSTER MÅLLAG 2011 - ÅRGANG 28



Fabulatore



Kunstnaren



Studenten

**Helge Arild Bolstad:** Eg er nok ikkje den brura

**Svein-Olav Sandnes:** Gjestgjevarstaden Vassenden

**Stig Årdal:** Langhuset på Hegrenes

**Hallstein Dvergsdal:** Nytt liv til gammal hotellrosje

# Innhold:

	Leiar .....	Side 3
HALLSTEIN DVERGSDAL:	Målstriden i Jølster .....	Side 4
STIG ÅRDAL:	Langhuset på Hegrenes .....	Side 6
FRIDTJOF URDAL:	Jølster i Astrup si tid .....	Side 12
6. KLASSE, VASSENDEN SKULE:	Dikt og teikningar .....	Side 13
LEIV DVERGSDAL:	I ei anna tid .....	Side 16
ANN BEATE E. HOVLAND:	Nummen .....	Side 21
	Gjennom ord blir verda stor .....	Side 22
SILJA JUKLESTAD:	Årets kunstnar: Jorunn Mulen .....	Side 23
HALLSTEIN DVERGSDAL:	Nytt frå Jølster Mållag .....	Side 26
SVEIN-OLAV SANDNES:	Gjestgjevarstaden Vassenden .....	Side 27
HALLSTEIN DVERGSDAL:	Nytt liv til gammal hotellrosje.....	Side 34
JANNE NYGÅRD:	50 år med organisert målungdomskamp .....	Side 37
HELGE ARILD BOLSTAD:	Eg er nok ikkje den brura .....	Side 38



# Kjære lesar

Eit nytt år er snart omme, eit år som har gått frå gale til verre når det gjeld meteorologiske tilhøve. Først ein lang og hard vinter, deretter ein våt og kald sommar som skapte problem og frustrasjon på mange felt. Om ikkje det var nok, så vart det også ein våt haust, utan haustfargar og med tidleg lauvfall.

Men alt dette hindrar ikkje Jølst i å vere i rute. Like sikkert som slutten av november nærmar seg, like sikkert er det at bladet dukkar opp, vonleg til glede og oppmuntring for alle våre trufaste lesarar. Slik har det vore i snart tretti år, og det er vel ingen ting som tyder på at det ikkje vil bli slik i framtida også.

I denne spalta har det fleire gonger vore omtala hundreårsminne, noko som sjølv sagt er kjekt å ta til og viktig å ha med seg. Spesielt gjeld dette hundreårsminne som har samanheng med det Jølster Mållag syslar med, nemleg nynorsk og nynorsk målbruk.

I år har Jølster Mållag valt å setje fokus på at det er hundre år sidan nynorsk vart formelt innført i skulane i Jølster. Vi har brukt 1911 som årstal for denne viktige hendinga, sjølv om dette med innføring av nynorsk var ein lang og tung prosess som gjekk over fleire år, og først vart avslutta i 1919. Parallelt med striden om skulemålet, gjekk det også føre seg ein minst like hard kamp om kyrkjemålet. Ein kamp som sokneprest Christian Astrup sette mykje inn på å vinne, men som han til slutt tapte. Dermed vart det nynorske salmar og altarbok, men først i 1916 var Ålhuskyrkja nynorsk, ti år etter Helgheim.

I samband med nynorskjubileet lyste vi ut ein novellekonkurranse mellom elevane i 9. og 10. klasse her i Jøl-

ster. Vi fekk inn elleve noveller frå Vassenden skule, og vinnaren har vi med her i bladet.

Elles har vi dette året fått ei ny nynorsk skriftnorm, etter grundig arbeid av rettskrivingsnemnda oppnemnt av Språkrådet på nyåret i 2010. Våren 2011 hadde nemnda innstillinga si klar, og den vart først godkjent av Språkrådet, sidan av kulturministeren. I mandatet til rettskrivingsnemnda heitte det: «(Nemnda) skal lage ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk utan sideformer. (...) Målet er å etablere ei norm som gjer det lettare å vere nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som brukar nynorsk som sidemål og som er stabil over tid». Eit stort, omfattande og nesten umogeleg oppdrag, vil dei fleste seie, men nemnda har løyst oppgåva på ein god måte og til glede for dei fleste.

Det hindra ikkje at nemnda si innstilling fekk ein del juling på landsmøtet til Noregs Mållag i april. Kritikken kom frå konservative krefter innan målrørsla, med Voss Mållag i spissen, og det vart til dels hard debatt om den nye språknorma, sjølv om den eigentleg ikkje var sak på landsmøtet.

Men ting har eit lag til å gå seg til over tid, og slik blir det nok også med dette. Skal nynorsk overleve som skriftmål må det fornying og oppgradering til. Det er med språk som med alt anna; det utviklar seg i takt med tida, og slik må det vere.

Til slutt står det att å ynskje alle våre lesarar, annonsørar og andre støttespelarar ei fredeleg jul og eit godt og tenleg nytt år.

H.D.

# Målstriden i Jølster

Av Hallstein Dvergsdal

«Vi kan ikkje be på same målet som vi bannar!» var eit av mange argument som vart brukt i målstriden for vel hundre år sidan. Sitatet ovanfor er henta frå kampen om innføring av nynorsk i kyrkjene, men striden var nok like hard omkring målet i skulane.

Sidan vi nett har feira hundreårsjubileum for innføring av nynorsk i skulane i Jølster, kan det kanskje vere på sin plass å sjå litt på kva som skjedde på byrjinga av førre hundreåret. Unionen med Sverige var oppløyst, vi hadde fått på plass eigen konge og landet var på mange måtar inne i ei brytningstid. Men det var også ei tid for optimisme, framtidstru og store voner for den nye, sjølvstendige nasjonen. Organisasjonslivet fekk ei blomstringstid der ungdomslag, skyttarlag og fråhaldslag hadde gode tider. Men på slutten av 1800-talet hadde vi også fått ei gryande målrørsle som voks fort og spreidde seg utover som eld i tørt gras. Noregs Mållag vart skipa i 1906.

## Blix og altarbok

I 1869 kom det ut 13 anonyme salmar på nynorsk. Ein av dei var *Gud signe vårt dyre Fedreland*, og det synt seg snart at det var professor og seinare kyrkjeminister Elias Blix som sto bak. I 1883 kom Blix med samlinga *Norske salmar* som vart godkjende til kyrkjebruk i 1892. Blix-salmane skulle snart bli eit viktig våpen og verkemiddel for målrørsla, og frå 1905 vart dei røysta inn i kyrkjene rundt om i Sogn og Fjordane, noko Blix ikkje fekk oppleve sidan han døydde i 1902.

I Jølster vart det sjølv sagt også strid om innføring av Blix-salmane, og hardest gjekk det føre seg i Ålhus sokn. Sokneprest Christian Astrup skulle på ingen måte ha Blix i hovudkyrkja, og han stritta i mot så godt han kunne. Men han hadde ikkje like god kontroll i Helgheim sokn, for der vart Blix-salmane røysta inn i 1906, medan kyrkjelyden i Ålhuskyrkja måtte vente til 1916 før dei kunne syngje salmar som *Med Jesus vil eg fara der*.

Eit anna verkemiddel for å gjere gudstenesta «heilnorsk» var innføringa av nynorsk altarbok. Altarboka kom ut i 1908, men fram til 1916 var det sett som vilkår at prestane kunne sleppe å bruke *Nynorsk Altarbok* dersom dei ikkje følte seg i stand til det, og det var det nok ein del prestar som ikkje gjorde. I Jølster vart *Nynorsk Altarbok* røysta inn i begge kyrkjene i 1922.


## Skulestriden

Første gongen spørsmålet om nynorsk som skulemål vart drøfta av skulestyret, var i 1893. Men på dette møtet gjekk representantane inn for å støtte skulekrinsane som alle hadde gjeve tilslutning til Overtilsynet si erklæring om undervisningsspråket i «Allmueskolen». Det heiter i referatet at krinsane hadde «enstemmig uttalt sig mod indførelsen af Lærebøger på Landsmaalet. Skulestyret slutter sig også hertil og afgav følgende enstemmige Beslutning: Skolens Lære og Læsebøger saavel som Elevenes skriftlige Arbejder skal være affattede i det almindelige Bogsprog».

Sidan kommunen no sto framfor bygging av fleire skule-



Preses for Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab, Kristian Fossheim, hadde med både helsing og bokgåve frå vitenskapsselskapet i høve feiringa av hundreårsjubileet.  
Foto: Hallstein Dvergsdal



Ragnar Hovland heldt norsktime for fullt hus i gamle Gjesdal skule under målveka. Foto: Hallstein Dvergsdal

hus, så gjekk det ti år før spørsmålet om nynorsk i skulane på nytt var tema. I 1903 kom lærarforeininga i Jølster med framlegg til skulestyret om at dei foreldra som ville det, kunne late elevane nytte lærebøker i historie på nynorsk. Dette gjekk skulestyret med på, med 6 mot 4 stemmer, og dermed var det første steget mot nynorsk i skulane teke. Lærarane kom også med framlegg om å innføre Rolfens og Støylen sine tillegg til leseboka, noko skulestyret også gjekk med på i eit møte 22. september 1903.

Men slike vedtak måtte sjølv sagt skape reaksjonar, og frå Årdal krins kom det i 1904 søknad om å sleppe det vedtekne tillegget til leseboka. To av skulestyret sine medlemmer var innstilte på å støtte søknaden, men eit stort fleirtal ville noko anna, og vedtaket var kort og greitt; «andraget indvilges ikke». Skulestyret fekk også klage frå

Eikås krins der det sto at berre formannen i krinsutvalet ville støtte nynorsktillegget i leseboka. Folket på Eikås meinte såleis at dei burde slippe lesing på nynorsk, men etter at skulestyret først hadde utsett saka, fekk også dei avslag. Dette skjedde 1. desember 1904, og på same møte vedtok skulestyret at det skulle vere lov å bruke nynorske lærebøker i faga bibelhistorie, geografi og naturfag.

I 1905 kom den neste viktige hendinga i målstriden, nemleg innføring av nynorsk som skriftmål. Dette skjedde i krinsane Klakegg, Heggheim, Veiteberg og Åmot, etter at alle krinsane først hadde hatt saka til høyring. Året etter, 28. desember 1906, vedtok så skulestyret at desse fire krinsane skulle bruke *Vellesens ABC* på nynorsk. Det gjekk endå eitt år før det skjedde noko meir, men no søkte Klakegg krins om få bruke katekisme og forklaring

### Gjennombrot i 1911

Vi må to år fram i tid før det skjedde noko meir i skulemålsstriden. Då kom det søknad frå krinsane Viken, Ålhus, Årdal, Myklebust, Sunde og Søgnesand om å få bruke nynorsk, etter at spørsmålet enno ein gong hadde vore ute til høyring i krinsane. Det sto no berre att tre krinsar som ikkje ynskte nynorsk, nemleg Sandal, Gjesdal og Eikås. Men dei som no ville ha nynorsk fekk det, og skulestyret gjorde 30. juni 1911 fylgjande vedtak: «For de Skolekretser som er positive til Landsmaalet skal Læse- og Lærebøger avfattede paa Landsmaalet indføres fra kommende Skoleaars begynnelse i samtlige Smaaskoler. De skriftlige Arbeiders udførelse paa Landsmaal indføres straks i alle Klasser».

2. september same år vart vedtaket velsigna av skuledirektøren og dermed var saka klar. Året etter kom også



I Jølster vart det sjølv sagt også strid om innføring av Blix-salmane, og hardast gjekk det føre seg i Ålhus sokn.

på nynorsk. Men trass i at skulestyret tydelegvis var ganske liberalt i måls spørsmål, så vart dette likevel i meste laget. Dei utsette saka, og om hausten året etter tok dei ei ny rundspørjing i krinsane om eventuell innføring av nynorsk. Til møtet rett før nyttår hadde dei fått inn svar frå krinsane, og Ålhus og Viken krinsar gjekk no inn for nynorsk utan at det vart fylgt opp med vedtak i skulestyret.

### Eit skot for baugen

Vinteren 1908 kom der eit brev frå skuledirektøren, der han gjorde skulestyret merksam på at vedtaka frå 22. mai 1903 og 1. desember 1904 var ulovlege. «Der er ikke lovlig adgang til i same skole at bruke skolebøger i samme fag paa forskjellig maal». Dermed kunne ikkje skulestyret stort anna gjere enn å sette vedtaka ut av kraft som ulovlege.

Etter dette vart det mykje om og men når det galdt vegen vidare. Dei fire krinsane som hadde gått inn for nynorsk, fekk etter kvart ta i bruk dei tidlegare omsøkte lærebøkene, men det vart fleire rundar i skulestyret før dei fekk ta i bruk fleire. Bibelhistoria på nynorsk fekk dei ikkje bruke, men i januar 1909 vart det bestemt at dei fire krinsane kunne ta i bruk Rolfsens lesebok, og litt seinare same året også Vellesens emne på nynorsk.

Sandal med som nynorskkrins, men for Gjesdal og Eikås gjekk det enno sju år før nynorsk vart innført. I 1919 kom desse to siste krinsane med, og dermed var Jølster samla til eitt nynorskrike, tjueseks år etter at lærarane i Jølster for første gong tok kontakt med skulestyret med framlegg om å nytte lærebøker i historie på nynorsk.

Målstriden var lang og hard, og han skapte mykje strid, mellom anna i Ålhus krins, som måtte ha to røystingar før eit knapt fleirtal gjekk inn for nynorsk. Sjølv om det i denne målsoga er mange datoar og årstal, så er det nok lite tvil om at dersom ein skal peike ut eitt år som grunnlag for hundreårsfeiring, så er 1911 det rette. Det er rett fordi det var i dette året dei fleste krinsane gjekk over til nynorsk, og det var i dette året at målbyttet fekk aksept av skuledirektøren.

■ Opplysningane i denne artikkelen er henta frå to artiklar i bladet Kjelda, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, 2006. Forfattar var Karianne Schmidt Vindenes med skulestyreprotokollar frå Jølster i tidsrommet 1880-1918, saksarkiv frå skulestyret 1905-1909, Lothe Anders: Målreisingsoga for Sogn og Fjordane 1950 og Sunnfjord Ungdomslag; Sunnfjord Ungdomslag 25 aar (1898-1923)1923, som kjelder.

Som vi ser har Jølster Mållag eit godt tilhøve til Språkrådet og styreleiar Ottar Grepstad. Her frå landsmøtet i 2010.

Foto: Hallstein Dvergsdal



# Langhuset på Hegrenes

Av Stig Årdal

*I jernalderen stod det i 300 år eit langhus på Álhus. Husets storleik og utforming viser at det var velhavande slekter som heldt til der. Også i mellomalderen var Hegrenes eit senter for store godssamlingar. Audun Huggleiksson er vel kjent. Er det ein samanheng her?*

6


Álhus. Ølhuset. Samkomehus. Sjølve namnet er frå kristen mellomalder, og har truleg fortrent eit eldre namn på garden. Men lenge før kristendomen si tid må grenda ha vore ein samlingsplass der folk frå bygda og grendene ikring kom saman til ulike lag og ritar. Nokon av dei heldt fram sjølv om den nye religionen gjorde slutt på mange av dei heidenske samkoma. Som skikken med å bryggje øl. Etter kristendomsbolken i Gulatingslova skulle det bryggast både til påske og nyttår, då folk skulle samlast til gilde for å skåle for godt år og fred. Gilde som det var straffbart å ikkje delta i. Skulle ein bli godteken i bygdesamfunnet, så var det nødvendig å stille opp. Solidaritet mellom bygdefolket og dei som var med var viktig. Ulykker, brann, skipbrot og dødsfall. I dårlege tider var det avgjerande at folk stilte opp, åleine stod ein svakt. Slike gilder var utbreidd over heile landet, og i Jølster heldt skikken seg lenge. Så seint som i 1770 klagar presten i Jølster over at

bøndene gjekk saman om å bryggje og å lage øl, for deretter å halde samkome der det blei dansa og vaka ei heil natt.

## Langhuset

I mai 2008 utførte Sogn og Fjordane Fylkeskommune kulturminneregistrering på Hegrenes i samband med planar om bygging av nytt grendehus. Som kjent brann det gamle ned i 2006. Undersøkingane gav resultat, og påviste spor etter eit langhus som har stått der frå dei første tiåra av 200-talet til ut på 500-talet etter Kristus, det vil seie i yngre romartid og folkevandringstid. I tillegg blei det påvist seks kokegroper og to dyrkingslag. Det eine laget er datert til vikingtid og viste at området då blei nytta som åker. Undersøkinga fortel at området var blitt intensivt utnytta gjennom store delar av jernalderen.

I mai 2009 føretok Bergen Museum utgraving av området, og fleire og meir detaljerte opplysningar kom for dagen. Huset var bygd i sørvest-nordøstleg retning, og viste seg å vere heile 42 meter langt, 7 meter breitt og truleg 7 meter høgt. Til samanlikning var huset dobbelt så langt som steinbygningen til Audun Huggleiksson, som målte 13 gonger 22 meter i grunnareal. Huset hadde 5 rom



Rekonstruert langhus på Lofotr Vikingmuseum, Borg i Lofoten. Langhuset her er det største som nokon gong er avdekkja, og stammar frå tida 500–900 e.Kr. Det rekonstruerte huset som vi ser i dag er reist slik ein meiner det var då den siste høvdingen forlét det, rundt år 900 e.Kr. Huset var heile 83 meter langt og 9 meter høgt. Til liks med langhuset på Hegrenes var det treskipa, og hadde truleg også 5 rom. Veggane i langhuset på Hegrenes var av plank, medan langhuset på Borg var torvtekt på sidene. Langhuset på Hegrenes var om lag halvparten så langt som huset på Borg, og frå ein eldre tidsperiode. Likevel bør langhuset på biletet gje inntrykk av kva hus som stod på Hegrenes.

og var treskipa, det vil seie at det hadde to rekker med indre takberande stolpar. I og med at det ikkje er påvist fleire bygningsfasar, er det truleg at det er det same huset som har stått der heile tida. Langhuset må altså ha stått på Hegrenes i 300 år.

Huset hadde seks inngangar som var plassert rett ovanfor kvarandre, tre på kvar side. Ut frå det vi veit om andre vestlandshus frå denne tida må veggane ha vore plankebygt, og reist i stavkonstruksjon. I den sørvestlege delen av huset var stolpane trekt ut i forhold til den symmetriske rekkja av stokkar som bar taket. Denne veggen kan då ikkje ha vore ein endeveg, men truleg brukt som portrom der reiskapar, ard og anna utstyr kunne oppbevarast.

Den sentrale bueninga i huset må ha vore i den nord-austlege delen, der huseigaren med sin familie heldt til. Det er usikkert kva midtdelen i slike hus på Vestlandet blei brukt til. Kan det ha vore til fjøs, eller arbeidsrom? Ein

## Steinbygningen på Sløta

Går vi nokon hundre år nærare vår tid finn vi godset til Herren av Hegrenes, Audun Huggleiksson. Etter at han møtte sin lagnad i ein galge på Nordnes i Bergen, den 2. desember i 1302, blei godset hans delt. Rundt setegarden hans på Hegrenes, lendmannsgarden, var det samla om lag 30 gardar som hørte inn under godset hans. Men dette var likevel ein svært liten del av det samla jordegodset som Audun rådde over. Vi veit ikkje sikkert kor mange gardar han eigde, men eit overslag peikar i retning av 3 til 400. Mange av dei på låg på Austlandet, der morslekta hans kom frå. På Sløta ligg som kjent grunnmurane etter ein stor steinbygning att etter han. Slottet. Ein bygning som først og fremst skulle vise kven han var, som demonstrerte autoritet og status. Som kravde store ressursar å få opp. Stein skulle brytast, tilverkast og fraktast. Slikt arbeid var ikkje for kven som helst, og det var nok



Det som er sikkert er at eit hus som dette var bygt for velhavande familiar og slekter

eventuell eigen fjøsbygning ville ha blitt plassert på austsida av huset, men på grunn av vegbygging og bygging av bustadar er det i dag umogeleg å påvise ein slik bygning der. Det som er sikkert er at eit hus som dette var bygt for velhavande familiar og slekter, slekter som då også må ha hatt lokale, kanskje også regionale, økonomiske, politiske og religiøse funksjonar. Utenkjeleg er det difor ikkje at langhuset på Hegrenes har romma ein hall for ulike sosiale samkome, møter og anna naudsynt representasjonsarbeid for ein mann og familie i det øvste sosiale samfunnslaget.

Rundt huset blei eldproduserande anlegg, kokegroper, spor etter ard og gamle dyrkingslag undersøkt og dokumentert. Kokegroper fungerte slik at det blei tent eit bål i gropa før ein la steinar opp i. Når steinane blei varma opp og bålet brann ned, la ein innpakka mat på dei glovarme steinane og dekkja gropa til med torv og jord. Etter at maten var kokt eller steikt, kunne den takast ut. Dei fleste av gropene er brukt berre ein gong. Ard var den tids plog, og blei først laga av tre. Den bestod av eit rammeverk som gjorde at den kunne bli styrt, og ein pigg som gjekk ned i jorda, samt eit feste for trekkdyr, okse eller hest. Etter kvart blei det vanleg å sko arden med jarnbeslag eller jarnskjær.

Ein meiner at området på Hegrenes blei rydda for vegetasjon om lag 500 år før vår tidsrekning, altså i førromersk jarnalder. Frå denne tida er det klare indikasjonar på at området er brukt til beiting. Frå det første hundreåret etter Kristus er det dokumentert at menneska som budde her tok til å dyrke korn, nærare bestemt bygg. Frå 400-talet var kveite ein del av hushaldet, og frå siste del av 500-talet, altså merovingartid, blei det dyrka fram lin. Lin er ein plante som er blitt dyrka av menneske i over 10.000 år. Mellom anna blei planten brukt til å framstille fiber til å lage tau, og til tekstilar. Linfrø har også vore kjent som fordøyingsregulerande middel.

nødvendig å hente inn spesialkompetanse for å få arbeidet gjort, gjerne frå Bergen. Men det er heller ikkje utenkjeleg at fleire av arbeidarane blei henta inn frå England. Ein steinbygning rotta ikkje, og kunne, til liks med gravhaugane i tidlegare tider, stå som eit monument over byggherren i fleire hundre år. Bygningen var den største private steinbygningen i Noreg frå mellomalderen. Ut frå grunnmurane som ligg att i bakken etter bygningen, og ut frå det vi veit om den tids byggeskikk, må slottet hatt mykje av den same forma som Håkonshallen i Bergen. På våre breiddegrader er det ikkje kjennskap til andre slike tilsvarende private anlegg med vassgrav.

## Smårike og høvdingdømme

Seinare skal vi sjå nærare på kva tidleg jarnalder kan ha med Audun Huggleiksson å gjere. Men i første omgang kan vi ut frå vår kunnskap om tida og jarnalderens levemåte gjere eit forsøk på å sirkle oss inn på kva folk det var som heldt til i langhuset på Hegrenes. Utanom spora som ein finn att i jorda etter huset, er det ingen andre kjelder etter folka som har halde til der. Men storleiken på huset fortel oss at det ikkje blei bygt for kven som helst.

Det blir rekna som naturleg at Noreg på denne tida, mange hundre år før det blei etablert større politiske einingar i landet, var folkesett av ulike lokale grupper. Småkongar og høvdingar styrte i område som geografiske naturleg hørte saman. Identiteten hørte til der du kom frå, til stamme, familie og slekt. På 500-talet skriv ein historieskrivar, Jordanes, om nordiske folkegrupper. Her listar han opp namn som egder, ryger og horder. På 900- og 1000-talet dukkar namn som sygnier og mærir opp i skaldestrofer. Firdir kjenner vi først att i kjeldene frå seint 1100-tal. Dette var naturnamn, relatert til sjø og vatn. Det var sjøvegen som batt landet saman. Og det var sjøen som skilte det. Møre var «havlandet» nordover frå Stad,



*Ein meiner at huset på Hegrenes hadde 5 rom, men ein veit ikkje sikkert kva alle romma blei brukt til. Men det er ikkje utenkjeleg at et av dei blei brukt som gildehall. Biletet er frå gildehallen i langhuset på Borg.*

og Agder er blitt tolka som «landet som stikker ut i havet». Sogn var eit fjordnamn som blei overført på landskapet ikring, og siktar til den suggerande straumen i fjorden. Fjordane blei eit fellesnamn for områda rundt dei store og små fjordane mellom Sogn og Stad.

### Germanarar

Gjennom dei romerske erobringane nordover i Europa kom fleire av stammene som heldt til der i kontakt med romersk sivilisasjon. Handel av ulikt slag over grensene, mellom den romerske sivilisasjonen og «barbarar», dei som ikkje høyrte til romarriket, blei vanleg. Svært mange tok også hærteneast hjå romarane, og heile hæravdelingar i den romerske hæren kunne bestå av slike «barbarar». I det andre hundreåret etter Kristus var Romarriket på sitt største, og etter kvart vart det elvane Donau og Rhinen som skulle danne grensene mot nord og aust. Det romerske grenselinja delte såleis det europeiske fastlandet i to langs ei samanhengande linje frå Nordsjøen til Svar-tehavet, ei grenselinje som romarane kalla for Limes. I Britannia vart Hadrians mur den endelege nordlege grensa i øyriket. Det var romarane som først, frå rundt byrjinga av vår tidsrekning, omtala desse folka som germanarar. Dei keltiske stammene lenger sør blei omtalt som gallarar. Det romerske Gallia bestod av det som i dag i grove trekk består av Frankrike og Belgia. Germanarar var såleis ei romersk fellesnemning for folkegruppene i Nord- og Mellom-Europa som talte germanske språk eller dialektar. Dette gjaldt då det meste av det som i dag er Tyskland, det nordlege Nederland, Danmark, det meste av Noreg og Sverige, og storparten av Polen, Tsjekkia og Slovakia.

### Våpen og krig

Det er ofte ei oppfatning at det i eit førmoderne samfunn,

med mindre folkesetnad og nok jord og andre ressursar vil vere små sosiale skilnadar på folk. Det er gjerne også slik ein førestiller seg situasjonen i hundreåra inn mot vår tidsrekning. Når folketallet stig, i alle fall når det stig raskt, blir konkurransen om ressursane skjerpa, og det vil utvikle seg større sosiale skilnadar. I Noreg er det ingen førhistorisk periode som det er funne så mange fortidsminne frå som frå tida då langhuset stod på Hegrenes. Dette kan henge saman med at folkemengda blei større, ei folkemengde som då nødvendigvis også måtte rydde nye gardar for å finne livsutkome til nye generasjonar. Noko som også kan seie noko om at dei materielle kåra må ha blitt betre. Men denne utviklinga hadde også ei anna side. Frå 200-talet blei det svært vanleg at avlidne frå det øvste sosiale sjiktet i befolkninga blei lagt i grava saman med sine våpen. Sverd, lanse, spyd og skjold, som var vanlege våpen for germanske krigarar. Omfanget var så stort at arkeologar ser føre seg regulære hærar frå dei ulike landområda i Noreg. Noko som også har samanheng med tilgang til jord og livsutkome. Dei som ikkje kunne overta ein gard, eller sette i gang med nrydding, kunne reise ut for å slåst. Gjerne

saman med andre germanarar på kontinentet. Mange av dei enda opp i den romerske hæren. Om dei overlevde, kunne dei seinare vende heim, forhåpentleg med rikdom og ære. Nokon av sverda som er funne i Noreg må ha vore brukt av offiserar i romerske hæravdelingar, sverd som truleg ikkje kan vere komne til Noreg gjennom handel.

I hundreåra rett før og etter Kristi fødsel kom jarnet i bruk som materiale til reiskapar og våpen, og kontroll med utvinning og handel med jarn vart ein viktig maktfaktor. Når enkeltfamiliar eller slekter, med sverd eller på annan måte, skaffar seg kontroll over fleire ressursar enn andre, oppstår det gjerne større sosiale skiljelinjer. I yngre romartid, altså i dei siste hundreåra fram mot 500-talet, fann det truleg stad ei slik utvikling. Gravfunn viser også at samfunnet no var tredelt. Den vanlege bonde blei helst gravlagt i enkle branngraver med få og enkle gjenstandar. Storbøndene, derimot, blei lagt i grava med sine våpen og anna kostbart utstyr. Nokon få, dei rikaste og mektigaste, blei gravlagt i store gravhaugar. Noko som sjølvsagt også streka under prestisje og makt til familie og slekt. Ein ny elite utvikla seg, ein elite som tydelegvis må ha vore eit krigararistokrati. Makt og sosial status blei oppnådd gjennom krig og strid, og det var krigarerfaringane som avgjorde kor vidt ein person kunne stå fram som leiar og høvdingemne. Ein situasjon som nok ikkje gjorde samfunna meir stabile. Til dette biletet høyrer også fleire enn 300 såkalla bygdeboger som er avdekka i Noreg, bygdeboger som må vere anlagt i yngre romartid og i folkevandringstid. Bygd på åsar, koller og fjell der naturtilhøva gjorde dei lettare å forsvare. I tillegg er det frå Jæren til Troms avdekka rundt 20 store anlegg som er blitt tolka som militæranlegg, anlegg som kunne huse opp til fleire hundre menn. Nokon av dei var i bruk fram til vikingtid.



## Handel

På denne tida fanst det ingen byar i Skandinavia. Det var garden som var det faste punktet i tilværet, og det var den som gav livsgrunnlaget. Alle tilgjengelege ressursar i utmark, fjord og sjø måtte nyttast. Likevel var det alltid behov for varer og reiskapar som ikkje blei tilverka av bonden sjølv. Jarn, kleberstein, leirkar og salt. Noko som gjorde at bonden på eit eller anna nivå også måtte drive med handel for å overleve. Difor var garden også, tross sjølvbergingsbruket, avhengig av verda utanfor. Men dei som kontrollerte innførsels- og utførselshandelen var ikkje vanlege bønder, men rike og mektige folk frå det øvste sosiale laget. I dette systemet var det «nordvegen», sjøvegen langs kysten, som var hovudleia for handelen. Ut mot denne gjekk det tversgåande handelsruiter frå fjord- og fjordarmar. Frå kyststroka blei varer som dun, tenner frå kvalross, spekk og huder frå sel, sendt sørover, medan fjordbygdene og bygdene innanfor handla med jarn, pelsverk og huder av stor- og småfe. Varene blei så samla opp og vidare sendt frå samlingspunkt langs «nordvegen». Dette var gjerne ressursrike bygder og grender som var kontrollerte av lokale høvdingar som var i stand til å ruste ut, fø og skaffe menn til lengre handelsferder. Men ei slik opphoping av rikdom og ressursar kunne nok dra til seg konkurrentar. Difor måtte høvdingen også ha bak seg ei våpenmakt som var sterk nok til å kunne halde kontroll med varebytet og ferdsla langs handelsleia. Varebyte mellom austlandet og vestlandet skjedde på same viset. Her sat det storfolk og kontrollerte ferdselsåra over fjella eller over innlandssjøane på austlandet.

I dei første hundreåra av vår tidsrekning kom det altså til ein sterkare politisk organisering under høvdingar med makt og rikdom. Men knivinga mellom dei, og kampen om ressursane, hardna til. Sjølv om dei fleste av bøndene kunne vere sosialt likestilte, så står det no oftare fram hus og gardsanlegg som tyder på at dei som budde der må ha hatt fleire ressursar, vore rikare, og truleg hatt større innflytelse over lokal- og regionalsamfunnet, enn bønder flest. Slik kan ein kanskje også forstå huset på Hegrenes. Eit slikt hus var ikkje for kven det skulle vere. Vi veit ikkje kor mange folk garden kan ha husa. Men behovet for arbeidskraft må ha vore stort for å kunne halde eit slikt anlegg i drift.

## Gravminne på Ålhus

Tilbake til Ålhus. Rett opp for riksvegen ved den no nedlagte grendebutikken ligg ein haug som blir kalla for «Tinghågen». Det er uvisst om dette er ein gravhaug, eller om den i det heile er bygd av folk, men utruleg er det ikkje. I så fall er det ein haug på rundt 10 til 12 meter i tverrmål, og bygd på ein høg, naturleg grushaug. Arkeologen Per Fett gjennomførte i 1954 ei registrering av førhistoriske minne i Jølster der han viser til jølstrapresten Doth som undersøkte «Tinghågen» i 1810. I sine notat skriv Doth at det var eit søkk i toppen «omgiven med Bænke av Grønsvær paa store, massive Stene. Jeg har ladet denne Haug udgrave, men har ikkje forefundet andet deri end Stendynger overalt». Fett meiner at desse steindungane kan tyde på at ikkje alt var forma av naturen. Seinare skal det i haugen ha vore sett eit lite rom av kantsette heller.

I 1954 registrerte Fett også ein gravhaug på Indre Hegrenes. Haugen, som ikkje er datert, er 9 meter i tverrmål og 1 meter høg. Både på Øvrebø og Indre Hegrenes er det funne krukke som er gått tapt. På Ålhus er det i samband med dyrking også gjort eit funn av flintøks.

Nyleg, i 2008, blei det identifisert nok ein haug som ber namnet Tinghaugen. Den er 15 meter i tverrmål og 1 meter høg, og ligg på ei markert framstikkande terrasseflate på garden Grøset. Både lokalisering og form tilseier at det er ein gravhaug, men det er førebels vanskeleg å gje ei meir avgrensa datering enn til jarnalder.

Funnmengda vil kanskje auke om folk har augo med seg. Men grendelag med kontinuitet i folkesetnaden har nødvendigvis påverka naturmiljøet i grenda. Oppdyrking og utviding av gardar, nye bygningar og vegar. Sjansen for at gamle gravminne og røyser er tekne bort, er stor. Dessutan viser det seg ofte at det opp gjennom hundreåra har vore gravrøvarar på ferde. Men samstundes har lokalbefolkninga også hatt stor respekt for dei store og synlege gravhaugane, og det har vore knytt mange førestillingar til dei. Det at Gulatingslova så seint som på 1200-talet, eit par hundre år etter at dei første kyrkjene blei bygde, fastslo at det høyrte til heidensk tru å «utesitte for å spørje om skjebnen», viser at folk framleis kunne ha eit sterkt forhold til dei som heldt til i haugen. Den nye religionen fjerna nok ikkje gamle heidenske førestillingane over natta. Så seint som godt ut på 1900-talet var det i Jølster ei utbreidd oppfatning at graset på haugane skulle latast i fred. Noko anna kunne føre til ulukker for både folk og gard.

## Namn og tid

Mange forskarar meiner at namn på gardar har halde seg i langt over 1000, kanskje så mykje som opp til 2000 år, og difor kan fortelje meir om bustad- og samfunnsutvikling enn det som gravfunn kan gjere. Vi må tenkje at namnet på ein gard betydde noko for dei som først budde der. Namnet skulle også skilje garden frå andre gardar rundt, og seie noko om gardens plass i lokalsamfunnet. Slik kan vi sjå føre oss at når folkepresset auka, og nye gardar måtte ryddast rundt den eksisterande, så blei den gamle garden heitande for, nettopp, «garden». I vårt språk er dette blitt til by. Ein ord som kjem av eit fellesgermansk ord for bustad eller gard, i norrøn språkdrakt bær, eller býr. Namnet fortel at her har det budd folk. By, eller bō, er, saman med andre usamansette naturnamn, som til dømes Haug, Eid, Berg eller Vik, dei eldste bustadnamna som vi kjenner. Ihopsette nemn med eit sisteledd som fortel om bustad eller jordbruksaktivitetar, må då seie noko om den vidare busetjingsutviklinga. Som namn som endar på -heim, -stad, -set, -vin og -land. Dei to første, heim og stad, fortel om direkte busetjing. Dei siste om korleis jorda som låg til garden blei brukt. Heim-gardane er ofte store, og ligg sentralt i bygda. Stad-gardane er gjerne ikkje så sentrale og store som heim-gardane, og blei truleg dyrka opp noko seinare. Namnet vin har med seg tydinga naturleg eng, eller beitemark, og seier meir om korleis enga rundt garden blei brukt enn om direkte busetnad. Nemninga land, jordstykke, kan også fortelje om verksemd i utmark.

På Ålhus finn vi «garden», Bø, som garden øvre og

garden nedre må være skilt ut frå. Øvrebø. Nedrebø. Truleg skjeddde delinga i førhistorisk tid. Og som garden Álhus, som skulle bere med seg namnet til kyrkjesoknet, er skilt ut frå. Rundt finn vi namn som Solheim, Sårheim, Bjørset, namn som kan knytast til den tidlegaste busetjingshistoria i Jølster.

### Tingplass og kyrkjestad

Tinghaugen har ikkje fått nemninga tilfeldig. Tingskipnaden er vesentleg eldre enn både Gulating og kristendom. Dei gamle tinga var allmannating der alle frie menn måtte stille. Der kunne lokale konflikter bli løyste, det blei dømt ved ulike formar for lovbrøt, og avtalar blei gjort rettsleg bindande gjennom å kunngjere dei for tinglyden. Utover dette hadde tinga gjerne også ein sosial funksjon der det føregjekk småhandel, og der avtalar om giftemål kunne inngåast.

Det er i 1591 at vi i skriftlege kjelder først høyrer om Álhus som tingstad. Då blei Karll paa Heigerness fri for leidang fordi han heldt tingstove. I 1625 blei tingstova kjøpt av allmugen frå Peder Kalvsen Hegrenes. På Bjørset står det i dag ei tingstove som skal vere flytt frå Hegrenes av lensmannen som då budde der. I denne finst det tre einsarta, gamle dekorerte bord der årstalet 1593 er skore inn. Dekoren blir tolka å vere ei overlevering frå mellomalderens byggeskikk.

Álhus har vore kyrkjestad sidan kristendomen kom til bygda. Dagens kyrkje, frå 1795, står på tuftene etter ei tidlegare stavkyrkje. Dei eldste skriftlege opplysningane om kyrkjestaden er frå første halvdel av 1300-talet. Vi veit ikkje sikker når den første kyrkje blei bygd, men det er ikkje utenkjeleg at det skjeddde i første halvdel av 1000-talet. Frå 1631 er det skriftlege opplysningar om ei kyrkje som då var gamal og til nedfalls, men det er uvist om dette er den same kyrkje som stod der i mellomalderen. Som kjent blei stein frå ruinane etter steinbygningen på Hegrenes henta inn til bygging av dagens kyrkje og til murane rundt kyrkjegarden. Dei fleste som har vore inne kyrkje må ha lagt merke til døra som heng i våpenhuset. Ei massiv dør av tre, med store jarnbeslag, og forma i mønster som er kjent frå mellomalderen. Døra er komen til høg alder, men det er nok ikkje i steinbygningen til Hugleiksson den har stått, slik folkemunne vil ha det til. Døra er typisk for mellomalderens kyrkjedører, og har nok stått i ei tidlegare stavkyrkje der dagens kyrkje står.

### Ein førhistorisk leiglendingsstruktur?

Namn som fortel om gamal busetnads-historie. Funn som vitnar om førkristen kultus. Álhus som tingstad og kyrkjestad. Eit langhus som har stått på Hegrenes i 300 år. Hegrenes som setegard og lendmannsgard til Herren av Hegranes. Kva har dette siste med tidleg jarnalder å gjere? I si hovudoppgåve «Var middelalderens lendmannsgårder kjerner i eldre godssamlinger?», tar arkeologen Frode Iversen mellom anna sikte på å finne ut om det er ein samanheng mellom eigedomsstrukturane på 1500- og

1600-talet, og yngre jarnalder- og vikingtid. Her var sete-garden til Audun Hugleiksson ein av gardane som han tok utgangspunkt i. Iversen meiner at gravhaugar som er knytt til tun frå yngre jarnalder kan forståast som eit uttrykk for eit slags eigedomsforhold til garden. Eit eigedomsforhold som berre tilkom frie personar. For korleis den avlidne blei jordfesta reflekterer sosial status, ikkje berre til dei som blei putta i jorda, men sjølv sagt også til dei som budde att på garden og i grenda. Det var nødvendigvis ikkje alle som kunne koste på ein gravhaug til sine døde, ein rett som kanskje berre tilkom frie og uavhengige bønder som hadde eigedomsrett til jorda som dei levde av.

Går vi tilbake til Audun, så finn vi at hovuddelen av godset hans vart gjeve frå kongen til Otte Rømer i 1361. Men før Rømer fekk sin del, blei delar av Auduns gods også skilt ut til kyrkjer og kloster. Det meste av dette blei lagt inn under Apostelkyrkja, kongens eiga kyrkje, som stod ferdig oppført nettopp i 1302. Så seint som på 1600-talet rådde Apostelkyrkja over 20 gardar, eller jordpartar, i Jølster. Jordebøker frå 1625 viser at arvingar etter Rømer då sat på det som var av adelsgods i Jølster, fordelt på fire eigarar. Det er difor ikkje urimeleg å tenkje at dette også må vere delar av godset som blei drege over til Otte Rømer i 1361. Om vi ser på fordelinga av det som var av apostel- og adelsgods i bygda på 1600-talet, og som då i stor grad må ha vore jordegods som Audun åtte i sine velmaktsdagar, finn vi at ein stor overvekt av dette er samla i den vestlege delen av bygda. Det som ikkje var apostel- eller adelsgods må då nødvendigvis forståast som sjølv-eigargods, sjølv-eigargods som vi finn mest av i den austlege delen av bygda, med unntak av Stardalen.

Iversen viser til at det er relativt få gravminne frå jarnalder i Jølster. Men av det som er funne er det ei påfallande skeiv fordeling, med lite graver i Stardalen, samt på gardane i den vestre del av Jølstravatnet. Så mykje som 70 % av det samla gravmaterialet frå jarnalder i Jølster er frå området aust for Árdal til Bolset, irekna Viken og Kjøsnes. I store og gamle grender som nettopp Álhus, Árdalen og Myklebust, er det gjort færre gravfunn. Av dei 57 funna frå Álhus sokn er heile 50 frå ytre Sand-

### Oversikt over tidsperiodar


PERIODE	ÁRSTAL	HOVUDPERIODE
Yngre steinalder	5200 f.Kr.–1800 f.Kr.	Steinalder
Eldre bronsealder	1800 f.Kr.–1200 f.Kr.	Bronsealder
Yngre bronsealder	1200 f.Kr.–500 f.Kr.	
Før-romersk jarnalder	500 f.Kr.–0	Eldre jarnalder
Eldre romartid	0 – 200 e.Kr.	
Yngre romartid	200 e.Kr.–400 e.Kr.	
Folkevandringstid	400 e.Kr.–570 e.Kr.	
Merovingartid	570 e.Kr.–800 e.Kr.	Yngre jarnalder
Vikingtid	800 e.Kr.–1030 e.Kr.	
Tidleg mellomalder	1030 e.Kr.–1150 e.Kr.	Mellomalder
Høg-mellomalder	1150 e.Kr.–1350 e.Kr.	
Sein-mellomalder	1350 e.Kr.–1537 e.Kr.	
Nyare tid	1537 e.Kr.–	Nyare tid

dalen. I område der det på 1600-talet i hovudsak var leig-  
lendingsgods, altså godset til Rømer-arvingane og Apos-  
telkyrkja, finst det med andre ord langt færre gravminne frå  
jarnalder. Dette, antyder han, kan henge saman med at  
det så tidleg som i yngre jarnalder må ha eksistert ei form  
for leiglendingsdrift eller underbruk. I område med sjølv-  
eige på 1600-talet er det ifølgje ei slik tolking fleire føre-  
komstar av gravminne frå jarnalder.

### Kontinuitet?

Dette passar inn i eit bilete av at det i dei første hundre-  
åra av vår tidsrekning var materielle og sosiale skilnadar  
mellom folk. Kanskje passar langhuset på Hegrenes inn  
i eit slikt bilete? Er huset eit uttrykk for på opphoping av  
materieill rikdom og lokal makt i eldre jarnalder? Kan  
Hegrenes ha vore eit sete for innflytelsesrike slekter,  
fleire hundre år før Herren av Hegrenes kom til verda?  
Er langhuset ei naturleg forlenging av ein gamal stor-  
gard som må ha vore blant dei tidlegaste som blei  
rydda i bygda? Og har Ålhus, ølhuset, samlings-  
staden, vore ein naturleg kultplass i framhaldet av  
dette? Kan det stillast spørsmål om det har vore  
ein kontinuitet i jordeigedomsforholda frå tidleg  
jarnalder til Auduns tid? Her må det føyast til at vi  
ikkje har skriftlege kjelder som kan fortelje om  
eventuelle stormannsslekter i Jølster før Auduns tid.  
Kor vidt det frå gammalt av har vore eit høvdingsete  
på Hegrenes er difor enno usikkert. Det er også påfal-  
lande at det i grenda ikkje finst fleire gravminne og andre  
forhistoriske spor. I Sanddalen, derimot, er det registrert  
så mange som sju graver, mellom anna ei båtgrav med  
ei kvinne som blei gravlagt på 800-talet. I Jølster er det  
berre på Kjøsnes det ligg fleire graver frå jarnalderen.  
Kan det først ha lege eit sete i Sandalen, spør Iversen,  
som seinare blei flytt over til Ålhus? Kanskje. Men fleire  
undersøkingar vil kunne kaste meir lys over den tidlege  
historia. Det er ei vanleg oppfatning at gravhaugar og  
gravminne blei lagt på eller i nærleiken av garden. Når  
det inst i Ålhusdalen er påvist gravminne frå jarnalder, så  
må det difor bety at det også har lege ein gard der. Tradi-  
sjonelt har svært mykje av kunnskapen om vår forhistorie  
vore tufta på det som gravminne og gravhaugar fortel oss.  
I dei seinare åra har arkeologane difor lagt større vekt på lei-  
temetodar som kan avdekke sjølve garden. I november  
2010 blei det gått over området rundt Sløta med avansert  
georadar for å gjere geofysiske undersøkingar i området  
rundt Auduns steinbygning. Dette før mellom anna å finne  
ut om det let seg gjere å bruke georadartechnologi til å av-  
dekke arkeologiske spor nede i grunnen. Slike undersø-  
kingar kan kanskje gjere det enklare å seie noko om bu-  
setnad og bruk av eit området i forhistorisk tid.

Avslutningsvis kan vi vise til Egil Øvrebø, som i boka  
«Ålhus Kyrkje», teiknar eit kart over gardane rundt kyrkja  
og skriv at det kan sjå ut til at dette er fradelingar i utkan-  
ten av ein større og etablert sentralgard. «Vi veit at denne  
garden var midtpunkt i ei stor jordegodssamling på 1200-  
talet. Og då har det tydelegvis vore tilfelle lenge før. Slik  
sett kan vi då seie at kyrkja med sine snart tusen år er ny-  
kommar i grenda».



Oversikt over anlegga i felt 1  
(Haugen 2010).

### Litteratur/kjelder

- Fett, Per: Førhistoriske minne i Fjordane. Jølster prestegjeld. Universitetet i Bergen, Historisk Museum 1957
- Haugen, Anita/Diinhoff, Søren: Arkeologiske undersøkelser av en jernalders gårdsbosetning på Hegrenes, gnr. 73, bnr. 2. Jølster kommune, Sogn og fjordane. Universitetet i Bergen, Bergen Museum, Seksjon for ytre kulturminne 2010
- Helle, Knut: Gulatinget og Gulatingslova. Skald AS 2001
- Iversen, Frode: Var middelalderens lendmannsgårder kjerne i eldre godssamlinger? En analyse av romlig organisering av graver og eiendomsstruktur i Hordaland og Sogn og Fjordane. Arkeologiske avhandlinger og rapporter frå universitetet i Bergen, 1999
- Lillehammer, Arnvid: Aschehougs Norges historie bind 1: Frå jeger til bonde – inntil 800 e.kr. Aschehoug 1996
- Nedrebø, Yngve m. fl.: Audun Hugelikksson. Frå kongens råd til galgen. Selja forlag 2002
- SFF – Kulturavdelinga: Rapport frå kulturhistorisk synfaring/registrering. Hegrenes, Jølster kommune, gnr. 73, bnr. 2
- Øvrebø, Egil/Apneseth, Oddleiv: Ålhus kyrkje, 1995
- Årdal, Stig/Sandnes, Svein-Olav: Gravfunn i Jølster. Jølst 2004

### Nettressursar

- Riksantikvaren: <http://www.riksantikvaren.no/>
- Fylkesatlas: <http://www.fylkesatlas.no/>
- Bergen museum – Arkeologisk hovudkatalog: [www.dokpro.uio.no/arkeologi/bergen/hovedkat.html](http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/bergen/hovedkat.html)
- Universitetet i Oslo, oldsakssamlingen – Arkeologisk hovedkatalog: [www.dokpro.uio.no/arkeologi/oslo/hovedkat.html](http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/oslo/hovedkat.html)
- Digitalarkivet: <http://digitalarkivet.uib.no>
- Arkeoland: [www.arkeoland.uib.no](http://www.arkeoland.uib.no)

# Jølster i Astrup si tid

Av Fridtjof Urdal

Alt var betre før, men ingen stad var alt så mykje betre som i Jølster. Jølster var på sitt beste på Audun Hugleiksson si tid, men dei færreste hugsar så langt attende. Nei, då er det noko anna med N. Astrup og hans tid. Vêret var betre, og aldri har epletrea blomstra som då. Blåbæra har aldri vore større og ripsbuskene aldri så bugnande og åklede vakrare. Alle hadde søndagssko med knirk.

I N. Astrup si tid var der så mykje tytebær og blokkebær at N. Astrup kunne ha dei på åklemønster. Kven bryr seg om blokkebær i dag? Eg berre spør. For ikkje å snakke om rabarbraen. Astrup-rabarbraen. Det har aldri vore maken til makelaus rabarbra i Jølster, det kjem heller ikkje til å verte maken til den rabarbra som var i Jølster på Nikolai Astrup si tid.



Jølstring i joggedress i eit Astrup-bilete. III.: Fridtjof Urdal

Vi må spørje oss sjølve, både jølstringar og andre, kva kan vere grunnen. Her nyttar det ikkje med dei tre seljekallane og oregoistane, ein må spørje alle og ein kvar. Kreti så vel som Pleti. Kvifor har det etter N. Astrup si tid gått bratt nedover med rabarbraen i Jølster? Teorien er: Det har med rabarbramålinga å gjera. Etter N. Astrup si tid har det så og seie ikkje har vore måla rabarbra i Jølster. Det har aldri nokon sinne vore måla så mykje rabarbra her til lands som det vart måla i Jølster på Astrup si tid. Ein kan trygt seie at i N. Astrup si tid var Jølster eit kraftsenter for rabarbramåling, ikkje berre nasjonalt, men òg internasjonalt. Det har aldri vore måla så mykje rabarbra som i hans tid. Det er ein samanheng her, sjølv om den ikkje er lett å få auge på.

Verre er det å kunne peike på ein naturleg samanheng mellom Nikolai Astrup og meieria i Jølster. No er det ikkje eit einaste meieri i Jølster. I N. Astrup si tid vart det bygd og kom i drift fleire og fleire meieri i Jølster. Ikkje berre i Jølster, men i heile Sunnfjord auka det på med meieri i N. Astrup si tid.

Det underleg er at dette hender utan at N. Astrup har måla eit einaste meieri, så vidt eg veit. (N. Astrup har derimot ei mengd med små kvernhus på Astrup-bilete.) Det næraste Astrup kjem eit meieri er at han har måla ein stad der det seinare skulle stå eit meieri. Der vart det seinare kunstgalleri. Her er det ein samanheng: I Jølster heng alt som heng saman i saman med N. Astrup. Hadde det ikkje vore for N. Astrup hadde ikkje Jølster funnest. Det hadde berre vore eit geografisk område som heitte Jølster. Fire mil av E 39. N. Astrup skapte Jølster i hovudet på jølstringane.

Difor vil alle jølstringar inn i Astrup-bilete. Når N. Astrup måla regnver i Jølster, er det regn som jølstringane vil ut i, for det er Astrup sit regnver. For slik regna det på Jølster i



Sommar natt i hagen. III.: Fridtjof Urdal

N. Astrup si tid. Det er annleis no, for no er det ikkje styvingstre att, anna enn inne i Kjøsnesfjorden. Mindre og mindre fuglar som sit på stein vert det år for år, for ingen har korn på staur eller pløyer med hest om det er vår med kvit hest aldri så mykje, og i Klüberfossen kjem det kraftverk før du anar.

Om Astrup si tid hadde vore no, og ikkje på N. Astrup si tid, hadde det neimen ikkje vore sikkert at N. Astrup hadde funne eit skikkeleg Astrup-motiv i heile Jølster. Tenk om Astrup skulle måla «Briseld» i våre dagar. Eit pusle bål av pappøskjer, sponplater, rusk og rask. Ingen byggjer bål av rogn og eine no. Endå ein må attende til åra etter svartedauden for å finne så mykje eine og kratt i Jølster som no. Det vert ikkje motiv av jonsokbål som er på tende i 6-tida på ettermiddagen. Ver glade for at N. Astrup levde på N. Astrup si tid og ikkje no. Magne Dvergsdal kan seia kva han vil om klima, men Isdronninga er ikkje så ferm som ho var i N. Astrup si tid.

# 6B Vassenden skule



**Øvst til venstre:** Lasse Støfring Leirvåg, Elias Støfring Ulvestad, Marianne Søvdsnes Berg, Torveig Holmelid Johansson, Trine Lofsnes, Hannah Andrine Sjøstad Berge. **Midten frå venstre:** Remah Alrashi, Malin Hauge Kvalheim, Stein-Inge Nedrebø, Vegard Osvoll Årdal, Sara Fossheim, Bjørnar Øksendal Henriksbø. **Sitjande på golvet framme, frå venstre:** Elise Venjum Solheim, Oda Osvoll Årdal, Runar Berg, Peder Aarøen Taklo, Gard Hårklau Birkeland og Victor Dale Bergmann.

Remah Alrashi



He likes the sun when she comes.  
He likes the sky when she dying.  
I love him from my eye  
but I never felt about this guy.

Trine Lofsnes



Eg kjenner ein prest,  
men fotball er best.  
Eg likar det så,  
treneren er rå

Hannah Andrine Sjøstad Berge




I 6B er det stille og roleg.  
Det er nesten ikkje mogleg.  
Her kan du føle deg som heime.  
Vi kan ar og lil vere seine.  
Her kan du drikke, strikke og både nikke.  
Når vi drikke, får vi ar og lil hikke.  
Og når læreren går,  
er det alltid ein ar over som har eit  
sår. Det er noko nesten alle får.

Bjørnar Øksendal Henriksbø



Det var ei kyr  
Den var litt dyr.  
Det var ingen fyr som vilke ha ei så  
dyr kyr  
Ein fyr var kry fordi han kunne kripe  
ei så dyr kyr.  
Kyra hadde store horn,  
fordi ho fekk masse korn

Elise Venjum Solheim



**KATT**

Det var ein gong ei kattie  
Ho elsker malte  
Ho gjekk på døra med eit bang.  
No har ho lyst å synge ein song  
la la la.  
ha ha ha.

Marianne Søvdsnes Berg



Fotball er min greie  
Fotball er min sak.  
Fotball er så gøy at  
Eg går helt baroak.

### Runar Berg

Eg akte ned ein bakke.  
 So brakk eg nøkkel  
 So smilte eg og lo, då måtte  
 eg på do.



### Peder Aarvæn Taklo

Ein dag  
 I dag er det ein dag,  
 I morgon er det ein dag,  
 Om 100 år er det ein dag, men ikkje den  
 som var i dag.




### Victor Dale Bergmann

Lotte er min katte, når ho  
 ete seier eg ... slutt og smutte.  
 Då begynner ho og stratte.



### Stein-Inge Nedrebo

Året  
 På vinteren er det snø  
 På sommaren er det sol  
 Om våren vekser blomar  
 På hausten visnar blada.  
 Sett vi dei i saman blir  
 det til eit år



### Vegard Osvoll Årdal

Det er gøy å bote  
 lalefal kake  
 Men når vi sjer  
 med kniv v.  
 kniv kan det  
 gå liv.



### Oda Osvoll Årdal

Fotball er ein sport  
 Lødet er veldig stort  
 På bakken ligg einål  
 åh, det blei mål  
 Det var bra  
 hurra



### Torveig Holmelid Johansson

#### REGN


Eg hatar regn og det sa eg til svein.  
 Svein satt og grein.  
 Plutselig barn ein rein.  
 Svein var redd rein og det sa han til stein.  
 Stein var veldig rein.  
 Svein lignar på ein stein.



### Sara Fosheim

Oktober, November og desember

oktober, November  
 det er ganske bra.  
 Desember er minn  
 alle vil ha,  
 fordi det er jul  
 og gjer oss  
 so glad



### Lasse Støring Leirvåg

Kem er det som kutter  
deter fuglakte som sjettek.  
so take sviktar




### Malin Hauge Kvalheim

#### Den flykende grisen

Ein flykende gris slepp ein fis.  
 Fyr av stad så fort som bære det,  
 plutselig fyr han ned.  
 då finn grisen ut at det ikkje var så  
 lurt og fise av stad for no er grisen  
 liten som ein ert så fant grisen ut at det  
 ikkje var så lurt og slippe ein firt



Gard Hårklau Birkeland



Vinter se kaldt og våt. Sommer så varmt og godt. Vår se lys og fin høsten se grø og din.


Elias Støfring Ulvestad



Morslyktel er bra. men bilen er glad. og ha

Det regner i dag,  
det var visse godt og  
kjøpte bilen.

## Glimt frå Jølster




Jan Olav Fretland fekk opp latterdøra med sitt kåseri på kulturkvelden.

Foto: Hallstein Dvergsdal

Historikar og forfattar Johs B. Thue var mellom gjestene på bokdagen i fjor. Til høgre lei ar i Jølster Mållag, Hilde Yndestad Halland.

Foto: Hallstein Dvergsdal



# I ei anna tid

Av Leiv H. Dvergsdal

*Vi som har levd ei stund har fått med oss store politiske og kulturelle omveltingar i Europa i vår levetid. Eg tek no turen vel førti år attende og fortel små glimt frå ei anna tid.*

Studieåret 1965–66 fekk eg eit utvekslingsstipend for å studere tysk og historie i Tyskland. Som studiestad fall valet på Göttingen. Eg fekk stort utbyte av opphaldet, både av det formelle studiet og ikkje minst av alt det eg elles fekk vere med på, og som får størst plass her.

## Øydetid i Tyskland

Litt om det instituttet der eg hadde mykje tilhald, og der eg i hovudsak jobba med den tyske øydetida i seinmellomalderen, «die Wüstungsbewegung».

Eg fekk m.a. med meg at øydelegginga på flatlandet i Europa hadde vore like ille som her til lands, og, kanskje ikkje så rart, at mykje framleis ligg øyde. Eg var med på mange «ekspedisjonar» til skogområde rundt Göttingen og fann m.a. åkerland frå mellomalderen der jorda var pløgd opp i ryggar med dælder mellom, såkalla høgåkrar, som skulle sikre avling anten året var tørt eller vått.

I skogane fanst endå til kyrkjeruinar som ikkje var bygde opp att. Hus frå gamle landsbyar, der byggjematerialet hadde vore tre eller leire, var ikkje så lette å finne, men ofte hadde desse landsbyane ei lang skriftleg dokumentert forhistorie før dei hadde vorte lagde øyde. Ved hjelp av slike kjelder kunne ein starte leiting etter ei «Wüstung» ved hjelp av potteskår i bekkeskråningar og ute på åkrar, som viste kvar landsbyen hadde lege.

## Kondolerte med Koht

Leiaren av instituttet hadde vore offiser i Noreg under krigen og rekna meg litt som ein gammal ven. Kvar morgon handhelsast vi som skikken var. Så ein morgon på seinhausten 1965 kom han med eit mørkt og trist andlet og kondolerte meg – og før eg rakk å bli heilt forskrekka – med dødsfallet til Halvdan Koht! Gamle, gode Koht, standardlesnad på mitt fagfelt, no mett av dagar, men eg ante nok ikkje at han var død. Det lett ironiske i situasjonen var jo, som mange veit, at Koht, den kultiverte historieprofessoren, var norsk utanriksminister i 1940 og ikkje i tide skjøna kor frekke nazityskarane kunne vere. Samstundes viste det meg at fagfolk hadde god kontakt over landegrensene.

## Nansenhaus og Olav Brennhovd

Før eg reiste til Göttingen hadde eg høyrte om ein studentheim, Nansenhaus, som eg burde kontakte. Eg fekk plass der, og det viste seg å vere eit godt val. Nansenhaus var etablert av ei stifting som heitte Internationale Studentenfreunde, som igjen var oppretta av den norske pastoren Olav Brennhovd. Nansenhaus hadde tilhald i ein staseleg eldre bygning med ein vakker park utanfor. Sentralt i bygget var

ein eksklusiv troppehall, litt større enn den på gamle Firda Gymnas, der det ved juletid vart reist eit trehøgders juletre med levande lys. Brennhovd hadde vore sekretær for biskop Eivind Berggrav, den norske kyrkjeleiaren under krigen. Han hadde drive motstandsarbeid, m.a. smugla jødar, vart teken og dømt til døden, men benåda og send til tukthus i Tyskland. Etter krigen var Brennhovd oppteken av forsoningsarbeid, og som eit middel til det fekk han altså oppretta Nansenhaus. Ideen var at her skulle tyske studentar i etterkrigstida få møte folk frå andre land og kanskje etablere venskap over landegrensene. I Nansenhaus skulle studentane som regel dele rom, ein tyskar og ein utlending. Men unn-



*Ukrainske bondekvinner som ventar på påskekudstenesta utanfor ei kyrkje i Kiev.*

tak var mogeleg, og som eldre student vart eg plassert i lag med høvesvis ein muslim frå Iran, ein antikommunistisk fysikar frå Tsjekkoslovakia og ein ekte partikommunist frå Polen, og var ikkje lei meg for det. Iranaren Reza som var dyrlegestudent, kunne av alle ting fortelje meg, ein fjording, kven som var stamfar til alle fjordingar, nemleg hingsten Njål! Fysikaren Pavel frå Tsjekkia er framleis min og vår gode ven. Tjue år etter krigen var nemleg Vest-Tyskland godt og vel inne i varmen igjen, men midt gjennom Europa gjekk Jarn-teppet, og bortanfor det var mange fanga mot sin vilje.

Brennhovd såg difor at det var viktig å rette forsoningsarbeidet austover, og med sin posisjon fekk han lett kontakt på høgt plan både i Sovjetsamveldet, Polen og Tsjekkoslovakia. Han fekk gjort avtaler med styresmaktene i desse statane om å la studentar og forskarar, som elles ikkje ville ha fått utreiseløyve, få komme til Göttingen og bu i Nansenhaus, og garantere vel på ein måte for at dei frivillig skulle reise attende. Sidan det ikkje var like stort trykk frå vestlege studentar si side for å studere i aust, vart det avtala at studentar frå Nansenhaus skulle få ei reise til aust-blokka, leia av Brennhovd, og der bli mottekne av tysktalende ungdomsgrupper. Ei slik reise fekk eg vere med på.



## Livet i Nansenhaus

Livet i Nansenhaus likna mykje på eit norsk folkehøgskuleinternat, som eg rett nok ikkje har personleg røynsle med. Olav og Erica Brennhovd (i daglegtale OB og EB) styrde huset med myndig hand. I matsalen åt vi ved langbord, og måltidet starta ikkje før OB og EB var komne på plass. Men det var eit livleg sosialt liv i huset. To gonger i året var det ball som vart førebudd i lange tider, og i tillegg ymse kulturkveldar, m.a. ein Norwegen-kveld, for det var mange norske studentar i huset.

Det kom interessante gjester til huset. Ein som eg hugsar særleg godt var professor Eduard Goldstücker frå Tsjekkoslovakia. Han hadde vore gjennom det same som Brennhovd, vorte dømd til døden då kommunistane tok over makta i Tsjekkoslovakia, benåda til tvangsarbeid i uran-gruver utan tryggingsutstyr og slept fri etter Stalin sin død. To år etter vitjinga i Nansenhaus, i 1968, spela han ei viktig rolle under den såkalla Praha-våren, då tsjekkarane prøvde å skape «sosialismen med eit menneskeleg andlet».



*Påskemorgon i Kiev med velsigna egg og kaker.  
Artikkelforfattaren til høgre.*

Som vi veit mislukkast dette, og tsjekkarane måtte slite med eit tungt diktatur i endå vel tjue år. Goldstücker, som var jøde, flykta til Storbritannia, der han hadde vore i hitlertida, og kom først attende då muren fall.

## Hans-Joachim i tårnet

Hans-Joachim Schlegel budde ikkje i Nansenhaus, men fekk av ulike grunnar likevel vere med på turen til Aust-Europa, og eg vart kjent med han under førebuingane til denne turen. Han hadde stipend frå ein evangelisk kyrkjeorganisasjon og fekk bu i toppen av Johannes-kyrkjetårnet i ein 600 år gammal brannvaktarbustad. Det var uendeleg mange tropper opp, men eg fekk vere med på mange trivelege samkomer i tårnet, m.a. feira vi Walpurgisnacht der, natta til første mai, då heksene etter den lokale tradisjonen flyg til Brocken i Harz (Bloksberg).

Hans-Joachim var ein idealistisk radikalar på venstresida som oppteken av at USA måtte komme seg ut av Vietnam. Han hadde vokse opp i Aust-Tyskland og kom over til Vest-Berlin som 16-åring i 1958 fordi han hadde planer om å studere teologi og av den grunn ikkje fekk skuleplass i aust. I DDR hadde han fått opplæring i russisk, noko som kom til god nytte på turen austover. Vi delte rom på ein del

av turen, var ofte ute og prata med vanlege sovjetborgarar og hadde det veldig triveleg i lag.

## Turen til austblokka

I 1966 kunne Olav Brennhovd av helsemessige grunnar ikkje bli med på turen, så ei gruppe studentar stilte opp som reiseleiingar, og turen vart heller ikkje så lang som tidlegare (som var seks veker), men likevel ei stor oppleving.

## Warszawa, framleis ein by i ruinar

Første etappe av turen starta 3. april og gjekk med tog via Berlin til Warszawa, der vi hadde eit opphald, møte med studentar og ei interessant omvising i ein by som delvis framleis låg i ruinar etter raseringa under andre verdskrigen. Frå toppen av kulturpalasset, ei gåve frå Stalin, lokalt kalla «blautkaka», kunne vi 20 år etter krigen sjå flatbomba område.

Eit par ting gjorde Polen annleis enn andre austblokkland, særleg då Sovjetsamveldet: Planøkonomien vart ikkje inn-



*Komsomolar i minnerommet for falne i skule i Kharkov.*

ført, så bøndene heldt fram med sine små og store bruk, å sjå til med lite modernisering. Framleis var det vanleg med hestetransport i gatene i hovudstaden, og bondemarknaden var eit fargerikt skue. Det andre var at kyrkja stort sett fekk halde på ei sjølvstendig stilling i høve til staten. Difor kunne ein på open gate ofte sjå krossar og Maria-statuer. Det var og ei mykje meir open og avslappa haldning mellom dei studentane vi var i lag med. Ingen tema var problematiske å diskutere.

## Ateismemuseum og påskefeiring i Kiev, Ukraina

Frå Warszawa gjekk turen vidare inn i Sovjetsamveldet ved Brest i Kviterusland, der vi møtte den sovjetiske reiseleiaren Juri. Etter å ha fått justert sporbreidda på toget vårt til det sovjetiske jarnvegsnettet drog vi vidare inn i dei flate og fruktbare svartjordområda i Ukraina til hovudstaden Kiev, der folk nett var i ferd med å kaste vinterhabitten.

Her møtte vi sovjetkulturen på ymse vis, m.a. såg vi dei berømmelege butikk-køane som ofte danna seg fordi ymse manglande forbruksartiklar brått vart tilgjengelege. Vi var innom ateismuseet, der mykje vart snutt på hovudet i høve til mitt verdysyn, men der det og kom fram kor

mykje skeivt det hadde vore i den kyrkja som kommunistane kjempa i mot. Vi vart inviterte til eksamensfest for økonomistudentar, der det var interessante innslag av lokal kultur. Då vitnemåla skulle delast ut, vart ei Lenin-byste trilla fram for å markere den høgtidelege handlinga.

Byen Kiev, som ligg ved Dnjepr-elva, ei av ferdsselsårene til dei nordiske vikingane i austerveg, hadde og mykje spennande gammal soge å vise fram, m.a. Sofia-katedralen og Holeklosteret. Sofia-katedralen, ein praktfull bygning med gullforgylling både inne og ute var bygd på 1000-talet av kong Jaroslav. På ein av veggene var eit måleri av dei fire døtrene til kong Jaroslav, og reiseleiaren kunne fortelje at ei av dei vart gift med den norske kongen Harald Hardråde, som flykta til Gardarike og vidare til Miklagard etter at halvbroren Olav fall på Stiklestad.

Den store opplevinga var påskennattgudstenesta saman med Hans-Joachim i den bitte vesle Himmelfartskyrkja, ei av dei sju kyrkjene som framleis var i bruk i millionbyen. Gudstenesta starta på slaget 12 midnatt med at ein prosesjon av stort sett eldre menneske som bar levande lys og krossar, bana seg veg gjennom folkemengda og inn i kyrkja. Gudstenesta varde heile natta, men berre ein liten del av folkehavet fekk plass inne til ei kvar tid, sjølv om alle stod som sild i tunne, så feiringa måtte gå på skift.. Den ortodokse gudstenesta er veldig stemningsfull, med mykje song, og djupe bass-stemmer forsterka inntrykket. Ein ekstra dimensjon gav det at her var folk som risikerte noko for si tru. I menneskemylderet registrerte Hans-Joachim at det vart drive agitasjon for å døype born.

I den ortodokse kyrkja er det skikk å ta med seg egg og bakverk til kyrkja og late prestane velsigne maten. Etterpå vart den velsigna maten delt ut til vener og kjende, og til gjester som Hans-Joachim og meg. Vi hadde med mykje heim til hotellet. Då vi kom attende på morgonsida, var gudstenesta over, men utanfor stod det att ei gruppe tiggjarar. Det var forbode å tigge i Sovjetsamveldet, men etter gammal skikk hadde ingen lov til å nekte ein tiggjar ei almisse påskennatta.

Etterkvart var det berre to–tre tenande kvinner og ein mann att inne i kyrkja. Kvinnene let seg viljug intervjuje, og kunne fortelje om eit liv i trengsel, og bad om forbøn. Då vi gjekk, lyste ei av dei velsigninga over oss, eit sterkt minne. Seinare på påskedagen prata vi med ei gruppe eldre bondekvinne frå omlandet som hadde venta i timesvis utanfor ei anna kyrkje på at gudstenesta skulle ta til. Informasjon om gudstenestetid var ikkje tilgjengeleg, eller kanskje dei ikkje kunne lese! Hans-Joachim spurde ei av dei om ho ville ha tilsendt eit bilete vi tok, og då viste det seg at ho måtte ha hjelp til å skrive namn og adresse. Ho hadde hatt sin oppvekst før revolusjonen, då analfabetisme nok ikkje var uvanleg i Russland og Ukraina.

### Møte med born og unge i Kharkov, Ukraina

Etter ei natt på toget kom vi fram til byen Kharkov lenger aust i Ukraina. Her stod m.a. vitjing på ein skule på programmet. Vi vart mottekne av ein myndig dame med stramt attoverkjemma hår og energisk andlet, som var rektor i Skule 116. «Våre born blir oppseda i internasjonalsmen og kollektivismen si ånd, og respekt for alle nasjo-



Sofia-kyrkja i Kiev.

nalitetar», erklærte ho som innleiing til omvisinga, og «vi prøver å gje borna og dei unge ei vitskapeleg-ateistisk utdanning».

På denne skulen, som hadde 1380 elevar, fekk vi godt innsyn i den gjennomorganiseringa av born og unge som det kommunistiske systemet var kjent for. Det starta i småskulen, der borna var medlemmer i Oktoberborna. Vi kom inn i eit klasserom med store «oktoberplakatar» på veggene, der ungane sat som tente lys og følgde med i det frøken sa, medan vi vimsa omkring med fotoapparat. Frå om lag tiårsalderen vart så borna «pionerar», som likna litt på speidarrørsla hos oss, med rett til å bere uniform med raude skjerf. På skulen var det mange pionerrom som hadde som hovudutrusting eit altarlignande Leninbord, der det låg minnebøker av ymse slag. Med gullskrift på raud fløyel stod mottoet: «Ver alltid reie til kamp for det kommunistiske partiet si sak!».

I vidaregåande skule vart så ungdomane tekne opp som ungkommunistar, komsomolar. Skule 116 hadde 700 pionerar og 270 komsomolar vart det sagt. Komsomolane ved denne skulen hadde som særskild oppgåve å halde oppe minnet om motstandskjemparane som miste livet i den perioden byen var okkupert av tyskarane. På fødselsdagane til dei falne gjekk grupper av komsomolar på heimvitjing til attlevande familie.

Elles fekk vi med oss vitjing på skulekjøkkenet, der vi vart servert gode kaker.



*Pionerar på Den raude plassen i Moskva.*

### **Leningrad, revolusjonsbyen. Bryllaupsfeiring**

Frå Kharkov til Leningrad tok vi fly. Heilt utan problem gjekk det ikkje, for over Leningrad var det tett snøkave så vi vart dirigerte nordaustover til byen Petrosavodsk i russisk Karelen, der vi landa i ein granskog med snø på. Noko anna såg vi verkeleg ikkje, og ikkje kom vi ut av flyet, så i lengda vart det både kaldt og keisamt. Fotografering var forbode.

Etterkvart kom vi dit vi skulle, til den vakre byen ved elva Neva, der isen nett var i ferd med å gå opp. Leningrad var som no full av vakre kulturskattar som vi fekk med oss mange av. Grunnleggaren, Peter den store, stod framleis på sokkel, sjølv om byen ikkje lenger var oppkalla etter han, og vi såg sarkofagen hans i mausoleet. Vi var innom vinterpalasset, der vi gjekk opp ambassadørtroppa til tsarens tronsal. Eg merka meg at der hang eit stort kart over Sovjetunionen over tsartrona, og i det vestlege hjørnet var Noreg og Norden med, slik til ettertanke! På studietur i sovjettida vart det lagt mykje vekt på å vise oss minne frå dei minneverdige dagane i oktober/november (oktober etter den russiske kalenderen og november etter den vestlege) 1917, då ei velorganisert lita gruppe bolsjevikar tok makta frå den mektige tsaren i eit i første omgang ublodig kupp. Nede ved hamna låg kryssaren «Aurora» som hadde gjeve signal til opprørarane om å gå til aksjon. I den ærverdige bygningen Smolny samlast leiinga for kuppet seg i timane før dei slo til.

Minnest om andre verdskrigen og dei påkjenningane folket

i Leningrad måtte tole under den tyske omringinga av byen var det og sterkt fokus på. Vi var innom minnesmerket for dei 600.000 menneska som omkom av svolt og utmatting under den tyske blokaden. Ein tyskar i gruppa tykte det var sterk kost å bli møtt med dette minnesmerket som noko av det første vi såg i byen og på ein måte føle seg skuldig i «fedrane sine synder».

Interessant var det for oss frå anno 1966 å bli inviterte til å vere med på ei brurvigslø i det staselege «Giftepalasset». Etter revolusjonen vart «den frie kjærleiken» proklamert som ideal i Sovjetsamveldet, men det varde ikkje lenge før leiinga skjønna at dette var ein tabbe og prøvde å framheve livslang truskap mellom mann og kvinne som bra for samsfunnsbygginga, sjølv om skilsmisse var akseptert. Difor vart det og lagt vekt på å gjere den borgarlege vigsla festleg og høgtideleg. Ein storfelt borgarleg villa var teken i bruk til «giftepalass». I tilknytning til det vakkert utsmykka vigselrommet var det og ein bankettsal, der mottakingar skulle haldast. Men sidan den høgtidelege handlinga trass alt måtte gjerast unna fort, var opphald i bankettsalen for symbolsk å betrakte, så alt på borda der var «skodebrød», m.a. var fruktene av glas, og musikken kom frå høgtalarar. Direktøren for institusjonen forklarte ivrig at i dette palasset fekk dei unna om lag hundre vigslar for dagen. Eg siterer frå boka som vart laga om turen: «På kortveggen inne i ein kjempestor sal står eit rimeleg digert skrivebord pynta med blomar. Bak skrivebordet tronar to svartkledde matroner, ei av dei er funksjonær i giftepalasset, og den andre representant frå bysovjetet/styret i Leningrad. Ved veggen bak står ei Lenin-byste. På framsida av bordet ei lett raudnande brur. Brudgommen ser veldig guteaktig ut – tydelegvis gifter ein seg tidleg her – og som vi fekk vite seinare var tidlege giftarmål ikkje minst påskunda av sjansen til då å få seg eige husvære. På ein benk til sides sit dei opplinja: foreldre, vigselvitne og slektningar, medan ein fotograf vimsar omkring under handlinga. Funksjonærdama formanar med høg røyst brurparet om dei rettslege følgjene av ekteskapet og gjev ordet til bystyrerepresentanten. Ho legg i talen sin fram for alt vekt på det ansvaret paret no har i høve til den sosialistiske staten. Så følgjer underskriftene til brurfolk og vitne. Mødrer og tanter pustar letta ut. Alt folket gratulerer, og kysser brura. Frå høgtalaren lyder bryllaupsmarsjen triumferande».

### **– Er det du, Leiv? Om å komme på feil hotell**

I Kalinin, ein by som ligg om lag midtvegs mellom Leningrad og Moskva, fekk vi ekstra varm mottaking sidan byen hadde venskapsavtale med Nansenhaus. Vi sjekka inn på hotellet og gjekk til eit anna hotell for å ha sosialt samvær. Utover kvelden kom eg i personleg prat med ein ung komsomol. Vi var begge veldig nyfikne på kva vi stod for, kom jo bokstaveleg tala frå kvar vår verd. Då det nærma seg leggetid, rusla vi toeine ein runde i byen, og praten heldt fram. Vi tok m.a. opp eitt av dei evige spørsmåla om kva som er meininga med livet, og det tok tid. Difor vart det seint før han leverte meg på det han og eg trudde var hotellet mitt. Eg gjekk opp i andre høgda, fann døra og sette løkjelen i. Men døra ville ikkje opp. Eit skrekkeleg mysterium! Til alt hell sat det i enden av hotellgangen to gangdamer. Dei kikka på

meg, og eg på dei, og eg rusla bort til dei. Eg kunne i høgda eit par ord russisk, og eitt av dei, som skulle bety Vest-Tyskland, brukte eg. Dama såg ut til å skjøne, tok opp telefonen og ringde ein stad. Om litt rekte ho meg røyret, og i andre enden sa det på tysk: «Er det du, Leiv?». Det var Juri, reiseleiaren vår, som hadde sakna meg. Eg var komen til feil hotell! Saka vart ordna med ein drosje. Ein god kommunistisk skikk å ha gangdamer som heldt styr på gjestene sine, når alle hotell stort sett såg like ut. Og trygt var det å vere gjester i Sovjetsamveldet!

Det eg elles hugsar frå Kalinin, er vitjinga i ein barnehage. Her hadde ein del av borna tilhald heile veka, kom berre heim i helga, vart det fortalt. Det som verre var: I sommarferien vart barnehageborna flytte ut på landet i to månader, og foreldra kunne berre vitje ungane på visse dagar. For oss vart nok dette det sterkaste uttrykket for kommunistisk barneoppseding.

### **Moskva. Møte med Lenin og hans medarbeidar i det sovjetiske statsforlaget**

I Moskva var det lagt opp eit stort program for oss. På kulturfronten fekk vi vere med på ei storfelt framsyning på Bolsjoi-teateret med tema frå kampen mellom Napoleon og Russland i 1812. Vi vart inviterte til fest på det sovjetiske statsforlaget som trykte bøker i millionopplag, og fekk helse på direktøren, ein spenstig eldre herre, som skulle ha vore Lenins medarbeidar. Eg sikra meg namnetrekke i ei bok eg fekk med.

Vi var innom eit stort utstillingsområde ved teknisk museum, der eit kjempeportrett av Lenin pryda inngangen. Dette var midt i det store månekaplaupet mellom USA og Sovjet, og ein kopi av ei av Sovjets månesonder, Luna 9, vekte interessa vår. I grunnen ikkje store greiene, men du verda kor stor ståhei det var når desse farkostane vart skotne opp. Vi var sjølv sagt innom Kreml, og vitja bygningen som inneheldt patriarkatet, sentrum for den russisk-ortodokse kyrkja. I nærleiken stod og den digre tsarklokka som skulle vere verdas største, men som aldri fekk gjeve lyd i frå seg fordi ho fall ned under opphenging og vart delt i to. Det kjendest rart å rusle rundt like utanfor den gulmåla bygningen med det raude flagget, som skulle innehalde regjeringslokala og kontoret til sjølvaste Khrustsjov.

Så var det å stille opp i den endelaust lange køa framfor Leninmausoleet ved Kreml-muren saman med grupper av pionerborn med raude flagg og elles menneske frå heile verda. Her låg Lenin i glaskista med levande lys rundt og likna seg sjølv, han som hadde starta det store samfunns-eksperimentet som førde så mykje sorg og oppbrot med seg. Eg gjekk stille ut att i sola og rusla rundt på plena ved Kremlmuren. Der vart eg gjort merksam på ei gravplate og kunne sjå dei russiske bokstavane for «Stalin». Nokon hadde lagt ein liten bukett med tulipanar og påskeliljer på grava, der han som i tre tiår hadde vore herre over liv og død for millionar av menneske no var redusert til eit heilt vanleg dødeleg menneske.

### **Praha. Gryande vår**

Turen heimover gjekk med tog til Praha. Denne vakre byen er til å bli glad i, særleg om våren. Vi vart godt tekne i mot

av m.a. to blad Pavel som vi kjende frå Nansenhaus. Ein av dei bad oss heim til seg. Stemninga mellom dei tsjekkiske studentane var god, ikkje tvil om at det var vårstemning, også politisk.

### **Vodka for nytestamente**

På veg mot den tyske grensa delte Hans-Joachim og eg kupé med eit sudøttysk ektepar. Dei hadde som sudøttyskarar etter andre verdskrigen vore deporterte til Sovjetsamveldet, men hadde fått vende attende til heimstaden etter Stalins død. Bakgrunnen var at denne delen av Tsjekkoslovakia var tysktalande og hadde støtta Hitler meir eller mindre då han gjorde krav på området i 1938. Då så Sovjetsamveldet og kommunismen tok over, vart folket deportert som straff.

Tilbake til ekteparet: På heimstaden i Sudøttland var det meste øydelagt då dei vende attende. Alle kyrkjer i nærområdet var stengde. Når dei skulle døype borna, måtte dei langt av garde. Noko kristen opplæring av borna utanfor heimen var ikkje mogeleg. Vi spurde om dei hadde nokon kristen litteratur, og dei svara at ja, dei hadde ei bønnebok! Då handla Hans-Joachim spontant: Han tok opp nytestamentet sitt og gav dei. Dei vart heilt himmelfalne av glede! Og kva skulle dei gjeve til takk? Jau, opp kom vodkafaska frå nistekorga! Dette måtte det drikkast på! Flaska gjekk rundt, og vi drakk, av flaska. Eg er ikkje særleg from, men eg trur det er første og siste gong eg har drukke vodka, i alle fall ikkje i byte med eit nytestamente.

Kanskje samlar denne saga noko av det som prega Europa i det tjuande hundreåret: Kommunisme og nazisme, uendeleg mykje liding og død, men òg saga om folk som kom igjennom og som fekk starte på nytt, og folk som skjønna at ein ikkje kom vidare utan forsoning.

**Etterskrift:** Fridtjof Nansen Haus vart lagt ned som studentheim nokre få år etter at eg var der. No inneheld lokala Goethe-instituttet. Olav Brennhovd døydde 1972, 60 år gammal. Med god hjelp frå Olav Brennhovd fekk Hans-Joachim Schlegel høve til å fullføre studiane sine i Aust-Europa, m.a. i Tsjekkoslovakia, og er fagmann i slavisk språk og litteratur. Men han er først og fremst kjend som filmvitar og reiser verda rundt og held foredrag på filmfestivalar. I 2009 var han i Oslo i samband med 20-årsjubileet for Berlinmurens fall og heldt foredrag om filmen si rolle for dei frededelege omveltingane i Europa på slutten av nittenhundretalet.

Tilfellet ville at då eg tok ny kontakt med han sist vinter, sat han med eit bokprosjekt (Blick nach Osten) som har utgangspunkt i ein visjon om Europa han fekk med seg frå Olav Brennhovd, og tykte det var gildt å dele minne frå «urtida» i 1966. Han er uroa over ein del av det han ser i Europa no, ikkje minst den veksande antisemittismen. Uroa har ikkje blitt mindre etter det som skjedde i Noreg 22. juli. Elles seier han at han har lyst til å sjå og oppleve «mine stader» og Jølster er då ein av dei. Kanskje ein filmfestival i regi av Jølster Mållag?

■ Kjelder:

Eigne oppteikningar

Ein Weg zur Verständigung (Bok om studieturen)

# Nummen

Av Ann Beate E. Hovland

*I samband med nynorskjubileet i haust lyste Jølster Mållag ut ein novellekonkurranse, der vi inviterte 9. og 10. klasse ved skulane i Jølster til å delta. Vi fekk inn elleve noveller, alle frå Vassenden skule. Ein jury samansett av Elsa Norunn Håheim Nydal, Ingrid Håheim og Hallstein Dvergsdal plukka i første omgang ut tre som gjekk til ei finalevurdering. Av desse tre vart «Nummen» av Ann Beate E. Hovland kåra som vinnar. Vi gratulerer!*

Ribba flyr gjennom rommet og lukta av svidd kjøt riv i nasa. Den treff spegelen som dett ned frå veggen og går i tusen knas. Det er eit spektakulært syn. Mor skulle sende far potetene, men dei enda opp i fanget hans i staden for på tallerkenen. Far, som allereie hadde tatt to drinkar for mykje, klikka og slik enda ribba opp på andre sida av rommet. Kaos. Ei heilt vanleg jul for familien Smedstad, med andre ord.

– Gledar du deg ikkje til jul?! nærmast skrik Julian. Det er vesle julaften og Julian har gløymt å kjøpe julegåve til mor si. – Kva slags person gløymer å kjøpe gåve til mor si uansett? ler eg. Julian ser stygt på meg. – Eg har vore opptatt, ok? Julian er ein skikkeleg gute-gut. Kaptein på fotballaget, eigar av alle skytespel som eksisterer, og ganske kjekk. Eg er framleis ikkje sikker på kvifor han er ven med meg. Eg er høg og tynn, med spinkle armar og bein. Han er høg og mørk, og ganske muskuløs til å vere seksten år. Men det er ein ting Julian elsker meir enn noko anna. Mor si. Han er ein skikkeleg mammadalt. Eg pleidde å mobbe han for det, men det enda alltid opp med at han stakk, så eg let det vere. – Og fortel meg igjen kvifor eg må vere med? seier eg. – Eg treng ei jente sitt synspunkt. – Du har aldri trengt det før, seier eg skeptisk. – Eh, eg vil gje henne noko ekstra fint i år, seier han, men eg kan sjå at det er noko han ikkje fortel meg. Eg er ikkje i humør til nokon diskusjon i dag, så eg let det gå. Sanninga er at eg er glad han spurde. Det verste eg veit er å vere heime rundt juletider.

Mamma, som elles ligg på sofaen og sippar og drikk, snur hundreogåtti grader i jula. Plutseleg får ho det for seg at «no er det jul og då går det ikkje an å ligge på latsida». Vanlegvis blir eg sjeleglad kvar gong ho kjem seg opp av sofaen, men i jula er det berre tragisk. Og det er det same kvart år. 20. desember, aldri før, aldri seinare, byrjar ho å styre og rope. Stressnivået skyt i himmelen. Julepynten skal fram, julematen må handlast inn, og vi må ikkje gløyme å kjøpe nok drikke. Og sidan mamma er redd for dagslys, er det eg som får ansvaret for å handle inn alt i tide. Mat, serviettar, lys, juletre. Og det går greitt, men det er ein ting eg ikkje kan kjøpe. Og det er den tingen mamma treng mest av alt. Derfor må Sonja, naboen vår, handle for oss. Mamma seier ho skal betale tilbake, men det har vel ikkje skjedd på tre år ... Sonja er kul. Eg pleidde å springe ned til henne då eg var liten og redd for mamma. Sonja tok meg alltid inn og vi såg film, heilt til eg sovna. Då eg vakna igjen, var eg tilbake til

den skranglete, firbeinte kassa som mamma kalla for seng. Eg er så flau over at eg sprang ned. Korleis skal eg greie å ta vare på mamma når eg ikkje greidde å handtere mi eiga redsle eingong? Om berre pappa hadde vore her ... Forbanna feiging. Men på ein måte er eg vel lik han. Stikk av når ting blir vanskeleg. Eg har ikkje sett pappa på seks år. Eg fekk lungebetennelse då eg var ti år. Vi hadde ikkje så mykje pengar og sjukehusrekninga blei ganske stor, så pappa valde den enklaste løysinga og stakk av. Let mamma stå igjen med rekninga og ein sjuk unge. Drittsekk. Eg er glad han reiste. Han var ikkje noko snill, uansett.

– Har du huska å kjøpe alt? spør mamma. Ho har den stressa tonen igjen. Eg likar den ikkje. – Ja, mamma, eg har kjøpt alt som stod på lista di. – Kva med drikka, har du henta den? – Kva meiner du? Du har ikkje sagt noko om å hente drikke, seier eg nervøst. – Men for helvete då, Therese! Eg sa jo at du skulle gå ned til Sonja og hente spriten! Kor dum er du egentleg? Du er jo heilt ubrukeleg! skrik ho. – Mamma, eg er lei for det. Ikkje bli sur, eg spring ned og hentar det no, prøver eg å trøyste henne. Ho er rasande og blikket hennar skrik «drep!». Eg er livredd. Korleis kunne eg gløyme å hente spriten? Det er jo førsteprioritet. Mamma stirer på meg, framleis rasande. Eg er nummen, greier ikkje å bevege meg. Eg har lyst til å skrike til henne og springe så langt vekk som mogleg. Men eg greier ikkje. Står der berre, heilt lam. Vi står heilt stille og stirer på kvarandre. Det verkar som timar. Plutseleg blir vi avbrotne av ein lyd. Ein høg og skingrande lyd. «Ding-dong!» Vi snur oss samtidig og ser mot døra. Blikket til mamma forandrar seg. Ho blir redd. Ho snur seg og ser på meg med eit bedande blick. Eit blick som eg kjenner så alt for godt, og som eg hatar. Eg går mot døra og ser ein skugge i vindauget. Det er sikkert Julian, tenkjer eg. Eg lét opp døra og der står det ein mann med langt lyst hår, posete auge og slitte klede. – Therese? Er det deg? seier han og ser håpefullt på meg. – Eh, ja. Kven er du? spør eg. – Å, du har blitt så stor, eg kan ikkje tru det! Du er nydeleg. – Kven er du? spør eg igjen. – Huskar du meg ikkje? Eg er far din. Orda hans slår meg som eit slag i mørket. Plutseleg raser alle minna som eg har trengt i alle desse år tilbake. Det blonde håret, stemma, ja, til og med lukta. Eg kjenner at eg blir glad og det verkar som om ti kilo blir løfta av skuldrane mine. Men så blir eg sint. Han forlèt oss jo. Han forlèt oss då vi trengde han mest. – Kva gjer du her? spør eg kaldt. – Eg kom for å gjere det godt igjen. Eg har vore dum og oppført meg uansvarleg. Eg skulle aldri ha forlate dokke. Eg er lei meg. Er mor di heime? – Dra til helvete, seier eg og smeller igjen døra. – Kven var det? spør mamma. – Ingen ... – Therese, ikkje kødd med meg! Kven var det? Det vonde blikket er tilbake. – Det er pappa, seier eg.

Eg er frustrert. Mamma og pappa har snakka lenge no. Kva snakkar dei om? Eg skulle ønske Julian var her. Han

hadde sikkert sagt noko som hadde fått meg til å føle meg betre. Han enda opp med ein gullmedaljong til mor si. Den var dyr og nydeleg. – Hahahaha! høyrer eg mamma le. Kvi- for ler mamma? Ver så snill og sei at ho ikkje har tilgitt han. – Mamma? Går det bra? spør eg. Mamma kjem inn på kjø- kenet med pappa bak seg. – Gjett kva! Pappa har sagt ja til å feire jul her! Er det ikkje fantastisk? ler mamma. Eg kan ikkje tru mine egne øyrer. Ho har tilgitt han. Mannen som lèt henne sitje igjen med eit sjukt barn, og ei rekning for stor til å greie å betale. Korleis kan ho? Kva med meg? Hovudet mitt eksploderer. Eg greier ikkje å tenkje skikkeleg. Eg må ut, ut av dette huset. Eg må langt vekk. Eg byrjar å springe. Eg høyrer mamma rope bak meg. Ho er sint og vil at eg skal komme tilbake. Men eg spring. Så fort eg kan. Og eg veit akkurat kor eg skal.

– Julian! Er du her? Du må opne, noko har skjedd. Eg må snakke med deg, eg treng deg! Opne! Julian kjem ut. Han har sløve auge og nattbukse. – Veit du kva klokka er, eller? Er du heilt gal, du vekkjer jo heile huset, seier han. Eg ser på klokka. Kwart over tolv. Det er julaftan. Kor lenge har eg sprunge? – Eg må snakke med deg, seier eg. – Pappa er tilbake og mamma har tilgitt han, og no skal han feire jul med oss, og eg veit ikkje kva eg skal gjere. Eg kjenner tårene presse seg på. Faen, grine er det siste eg vil gjere no. – Hei hei, roleg. Det går bra, ikkje grin. Kom inn og fortel meg alt. Eg fortel Julian alt. Etterpå er eg så trøtt og utsliten at eg sovnar i armene hans.

Klokka er kvart på seks. Det er julaftan. Eg går opp mot huset vårt. Lyset er på, døra er open. Eg går inn. – Therese? Kom inn hit, vi er i stova! Eg går inn, og der sit mamma og pappa ved sida av kvarandre. – Kom og sett deg vennen, vi skulle akkurat til å ete. Mamma er så vennleg. Det er rart. Eg set meg ned ved bordet. Mamma og pappa byrjar å for-

syne seg. – Kan du sende meg potetene? spør pappa. Mamma strekkjer seg etter potetene, men famlar med hendene og misser dei ned i fanget til pappa. – Men for faen då! Greier du ikkje å sende potetene eingong, kvinne? Det er ikkje rart du ikkje har jobb! skrik pappa. Mamma blir tom i blikket. Pappa tar tak i ribba og kastar den i vegg. – De er ubrukelege! Begge to! Han tek tak i armen til mamma og riv henne ned frå stolen. Han byrjar å sparke og slå henne. Det er då eg får auge på den tomme spritflaska. – Slutt! Stopp opp! skrik eg. Eg spring bort til telefonen og tastar inn 112. Deretter spring eg bort til den tomme spritflaska, knuser henne og slår han. Han dett om på bakken og ein dam med blod renn bortover golvet. Mamma ligg bevisstlaus på golvet. – Mamma! Eg har ringt politiet, dei er her straks, trøstar eg. Eg er utmatta, greier ikkje å tenkje. Eg legg meg ned på golvet for å kvile auge.

Eg vaknar til lyden av sirener og blålys. Mamma og pappa er borte. Det står ein ambulanse og to politibil på tunet. Eg føler meg letta. Eg reiser meg opp. Ein mann kjem gåande mot meg. Han har politiuniform og ser alvorleg på meg. – Therese? spør han. – Ja? – Eg beklagar å måtte seie dette, men ... mor og far din er døde. – Kva? Men, dei var jo her nettopp. Eg var her nettopp, eg såg dei jo. Dei låg rett framfor meg. – Mor di døydde av indre blødingar og far din døydde av slaget i hovudet. Eg beklagar. Vi skal gjere alt vi kan for å ta vare på deg. Vi har ringt barnevernet, og dei vil vere her innan i morgon tidleg. Vi treng òg ei forklaring og vi blir nok nøydd til å avhøyre deg. – Barnevernet? Eg er så sløv at eg ikkje forstår eit ord av det politimannen seier. Eg har berre lyst til å sove. Sove og aldri vakne igjen. Så det er det eg gjer. Eg sovnar. Og mens eg søv, drøymer eg at eg og Julian er langt, langt borte. Lykkelege og glade. Endeleg.

## Gjennom ord blir verda stor

Dette er namnet på Noregs Mållag sin kampanje for å få born til å lese, ein kampanje først og fremst retta mot barne- hagesteget.

I ein foldar om kampanjen kan vi lese fylgjande: «Målla- get vil gjerne at born over heile landet skal oppleve både nynorsk, bokmål og ulike dialektar i barnehagen. Vi meiner det er ein styrke å bruke heile det språklege mangfaldet vi finn i og rundt barnehagen. Born utviklar ei forståing for ulike språktradisjonar når dei vaksne er gode rollemodellar. Vi vil at born som veks opp i nynorskområde, skal bli trygge i nynorsken så tidleg som mogeleg».

Jølster Mållag støttar denne kampanjen og har kjøpt inn ein del bøker til barnehagane i Jølster. Vi har også planar om å kjøpe inn nynorske barnesongbøker.

**Frå Skald forlag har vi fått tilbod på ein bokpakke på fire bøker:**

**Rebecca Dautremer:** Forelska. Fransk, prisløna biletbok om kjærleik. Alle barn har høyrte om kjærleik, men mange veit kanskje ikkje heilt kva ordet betyr. Dei vaksne snakkar om

det heile tida, men kva er eigentleg kjærleik?

**Heide Støllinger, Adelheid Dahiméne:** Esel. Prisløna barnebok og gåvebok for vaksne. Om to gamle esel som snart skal feire sølvbryllaup.

**Same forfattarar:** Ulveungen Sim. Sim bur i ein dyrehage og mora Una fortel om livet utanfor dyrehagen: springe over store sletter, jage i flokk og hyle mot månen.

**Anne Angelshaug, Titus Kodzoman:** Torbjørn Isbjørn. Langt mot nord, så langt mot nord det er mogeleg å komme, bur isbjørnane. Torbjørn er ein liten isbjørn som ein dag sit på ein stein og klør seg i hovudet. Det er noko som ikkje er som det skal vere. Alle bøkene kan kjøpast i bokhandelen og prisen er 300 kroner for alle fire.

**Mangschau forlag har ein serie på fire små bøker for dei minste.**

**Lotta Geffenblad:** Prikk og Flekk. Prikk er prikkete og Flekk er flekkete, akkurat som det skal vere. Men av og til blir flekkar og prikkar borte, eller dukkar opp på heilt nye stader. Frå 3 til 7 år, kr 79.

# Årets kunstnar i Jølst: Jorunn Mulen

Av Silja Juklestad

– Når eg målar komponerer eg historier. Strøka på lerretet er spor etter leiting. Nokre gonger veit eg ikkje kva eg leiter etter før eg finn det. For å finne må eg være å miste kontroll og kanskje gå meg heilt vill. Mine historier kjem frå ein barndom på Vestlandet og frå reiser som førte meg andre stader. Nokre historier blir til ved å gjenkjenne spor som er skapt medan vi er på veg til å finne vår eigen «persona» (maske). Historiene kan bli til i fleire lag. Dei inneheld ei blanding av fantasi og ei universell sanning. Historiene blir til visuelle ballader. Dei handlar om ein lengt etter å finne vegen heim.

Jorunn Mulen er opphavleg frå Førde. Ho har mellom anna mastergrad i illustrasjon frå University College Falmouth i England, der ho også i fleire år arbeidde som utøvande kunstnar. Ho har stilt ut ved ulike galleri i Noreg og England, i 2008 var Jorunn ei av tre som fekk tildelt årets kunstnarstipend frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Same året kom ho attende til Sunnfjord, og budde to lange vintrar på sørsida av Jølstravatnet. Ho har no reist vidare, men månadane i Jølster var med som eit steg på vegen heim.

– Eg trur nok tida på verkstaden i Jølster var god på mange måtar, der eg faktisk var isolert frå mykje anna og konsentrerte meg om det visuelle og det poetiske. Jølster er uendeleg vakkert uansett årstid og uansett ver. Det snødde ufatteleg mykje ... gav jo eit fantastisk lys ... fekk mykje god ved av min far, som heldt varmen i oss. Som kunstnar har eg levd mange stader, lenge i England, men det har også vore mange reiser derifrå.

– Når eg er i ro ein stad kjem mange ting fram, som lengsel etter det livet eg levde andre stader ... etter ei tid finn ein balansen mellom levd liv og nye utsyn. Livet i Jølster var nytt på mange vis, spesielt sidan eg hadde ei 1år gamal dotter som også gav nye perspektiv i livet.

## Visualiserte minne, tankar og draumar

Jorunn Mulen arbeider i ulike teknikkar og materiale, m.a. måleri, teikning, serigrafii og kunstbøker. Bileta hennar er ofte sjølvbiografiske. Visualiserte minne, tankar og draumar. Det handlar om å vere på veg, om å finne vegen heim i seg sjølv.

– Nokre gonger arbeider eg med tekst, der målet er å sette orda i rørsle. Når orda har fått liv let dei biletet fortelle



eit anna lag av historia. På vegen mot ein open horisont eller mot noko som gjev ei kjensle av ei vakker indre ro, ved å kjenne att det poetiske og enkle, kan eg finne grunnsteinane i mine historier.

Fragmenta av intuitive forsøk på å uttrykke livet tek form medan eg leitar etter vegen som kan lede meg heim.

## Formidling

Attende i Sunnfjord har Jorunn vore engasjert som kunsslærar ved Førde kulturskule, og som formidlar og prosjektutviklar i Den Kulturelle Skulesekken. Denne hausten har elevane i grunnskulen fått vere med på «Visuell ballade» – «A kind of silver poetry», ei visuell forteljing om lengt. Kanskje må vi våge å gå oss litt vill for å finne det vi ikkje visste vi leita etter? Ut frå brotstykket av ei visuell ballade er elevane blitt inspirerte til å gjere sine egne tolkingar, og skape


sine egne historier, bilete og opplevingar.

– Har du tankar om det å vere kunstnar i Noreg, i distriktet, i Sogn og Fjordane?


– Noko av det som er bra med å arbeide som kunstnar i distriktet er at ein gjerne får god plass til rimeleg pris, og arbeidsro i vakre omgjevnader. Men det er då også viktig å ha mulighet for å reise vekk med jamne mellomrom, og ta pulsen på livet der ute, finne inspirasjon. I møte med andre menneske og andre stader og andre kulturar har eg lært veldig mykje. Etter slike oppdagelsesreiser med mange inntrykk må ein attende til ein stad ein kan bearbeide alle inntrykka. Det var fleire tilfeldigheter som gjorde at eg valde Jølster ein periode.

– Kvar kan ein sjå og kjøpe bileta dine?


– Bileta kan sjåast på heimesida mi: [www.almostaprill.com](http://www.almostaprill.com). Ta gjerne direkte kontakt med meg på epost ([jmulen@hotmail.com](mailto:jmulen@hotmail.com) eller mobil: 41173148) om ein ynskjer å kjøpe bilete. Andre stader som har bileta mine er Kunstnarsenteret i Førde. Ellers er vi ei gruppe på 8–10 kunstnarar i Sogn og Fjordane som har starta føretaket "Kunst utan rom". Vi har fått støtte frå Sparebanken i Sogn og Fjordane og vil med desse midlane lage utstillingar, workshops mm. ulike stader i Sogn og Fjordane. Frå tid til annan har eg samarbeida med galleri i Oslo, Bergen og Ålesund. Etter mange år i England har eg framleis godt samarbeid med fleire galleri der som i London, Penzance, Marazion, Penryn og St. Mawes.







25



# Nytt frå Jølster Mållag

Av Hallstein Dvergsdal

*Jølster Mållag har også siste året hatt god aktivitet på mange område. Forutan dei fasta tinga som Jølst, bokdag, årsmøte osv., har vi dette året feira 100-årsjubileet for innføring av nynorsk i skulane i Jølster.*

Jubileet vart markert som ei målveke der vi i samarbeid med Jølster kommune hadde fleire arrangement og der både bibliotek og barnehagar var involverte. Spesielt det å ha med barnehagane i ei slik markering såg vi på som svært viktig, spesielt sidan Noregs Mållag dei siste to åra har hatt gåande ein kampanje med tittelen «gjennom ord vert verda stor». Meininga med dette er å gjere borna bevisste på språk og bruken av språk så tidleg som mogeleg. I den samanheng kjøpte Jølster Mållag også inn ein del bøker til barnehagane i Jølster, eit tiltak vi håpar og trur kom til glede og nytte.

Bokdagen i fjor var svært godt besøkt, kanskje fordi vi hadde besøk av to populære og kjende forfattarnamn, nemleg Johs B. Thue og Jens Brekke. Begge er kjende som gode ambassadørar for nynorsk, og begge er kjende for sine gode replikkar, treffande kåseri og som framifrå kulturformidlalar. Det vart såleis ein triveleg bokdag der Jølst vart presentert, målrosprisen vart utdelt og folk fekk rikeleg høve til å handle nynorske bøker.

Men det som siste året var det store arrangementet for mållaget, var utan tvil nynorskjubileet. Eit arrangement som tok ein del ressursar både økonomisk og med planlegging. Sjølve feiringa gjekk av stabelen første helga i september, der kulturkvelden på Skei Hotel fredagskvelden var hovudpunktet. Ein kveld der høgdepunkta sto i kø med song, musikk, kåseri og helsingar.

Pianisten Kristin Fossheim opna festen med å spele «Jølstring» av Edvard Grieg før Kristian Fossheim helsa frå Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab, det gamle ærverdige vitskapselskapet som i si tid var med og støtta arbeidet til Ivar Aasen økonomisk, og såleis på mange måtar er skuld i at vi i dag har eit nynorsk skriftmål.

Fossheim tok ein historisk gjennomgang av det som skjedde kring arbeidet til Ivar Aasen og han var også innom målstriden i Jølster for hundre år sidan, ein strid som varde i mange år og som sette mange sinn i kok.

Jon Olav Fretland heldt eit glimrande målpolitisk kåseri der dei gode poenga og dei gode replikkane sat laust, noko som fekk opp latterdøra på tilhøyrarane fleire gonger. Fleire gjester var til stades i høve måljubileet og både ordføraren i Jølster, leiar i Noregs Mållag og leiar i Sogn og Fjordane Mållag bar fram helsingar.

Programmet for kvelden vart bunde saman av song og musikk av Kristin Fossheim, Linda Øvrebø og elevlar frå kulturskulen i Jølster. Sistnemnde framførde deler av kabareten «Come as you are», ei vandring gjennom pophistoria der elevane hadde omsett songtekstane frå


engelsk til nynorsk. Fantastisk bra var det og innslaget gjorde stor lukke på kulturkvelden. Spesielt var det også då festlyden song «Den fyrste song» av Per Sivle, med Linda Øvrebø som forsongar.

Dagen etter, på laurdag ettermiddag, hadde vi ein «historisk skuletime» i gamle Gjesdal skule, der det vart eit lite historisk tilbakeblikk på historia kring denne skulen. «Historietimen» sto Atle Hamar føre, med hjelp av gamle bilete frå Kjell Hamar. Den gamle skulestova var fylt til siste plass og alle såg ut til å kose seg ved dei gamle pultane der dei også fekk ein «norsktime» ved forfattaren Ragnar Hovland. Hovland las frå eigne tekstar, tekstar med minne frå oppveksten og somrane på hytta i Jølster i lag med bestefaren, biskop Ragnvald Indrebø.

Jølster Mållag var representert på fylkesårsmøtet i Sogndal med leiar Hilde Yndestad Halland og nestleiar Hallstein Dvergsdal. Dei same representerte laget på landsmøtet i Suldal i Rogaland. Alt i alt så har Jølster Mållag markert seg og vore godt synleg også siste året. Vi går såleis laus på eit nytt arbeidsår med relativt friskt mot.



*Kristin Fossheim på flygel, opna kulturkvelden med «Jølstring» av Edvard Grieg. Foto: Hallstein Dvergsdal*



*På dagen hundre år etter at skuledirektøren godkjende målbyte for ti skulekrinsar i Jølster, kunne leiar i Noregs Mållag, Håvard B. Øvregård, helse Jølster kommune og Jølster Mållag under hundreårsmarkeringa på Skei Hotel 2. september 2011. Foto: Hallstein Dvergsdal*

# Gjestgjevarstaden Vassenden

Av Svein-Olav Sandnes

*På 1700-talet vart begge endane av Jølstravatnet, Øvre Vassenden (Skei) og Nedre Vassenden tilbygde samlingsstadar. På begge stadane var det gjestgjevari, der dei kunne ta imot gjester til overnatting. I 1723 tilrådde matrikkelkommissjonen at det skulle bli gjestgjevari «ved Aarsetters grund, paa en plads Kaldet Wadsenden». Allereie året etter skreiv Jølster-presten Rasmus Fischer at Peder Pedersson frå Hegrenes «er nu gastgieber her paa Julster». Eg vil her ta føre meg litt om historia til folket på Vassenden på 1700- og 1800-talet, med hovudvekt på gjestgjevarane.*

Plasseringa «ved Aarsetters grund», i skiljet mellom gardane Årset og Løset på nordsida og Gjesdal, Lergrovbakken og Ospehaugen på sørsida, gjorde at også folket som busette seg der ofte vart rekna under dei kring-

kunne leige hestar og båtar mot ei betaling på 8 skilling for mila for kvar hest og like mykje for kvar rorkar. I 1648 vart det innskjerpa at friskyss berre kunne krevjast av dei som hadde pass utskrive av kongens lensmann, og same år vart det bestemt at det skulle vere skysskifte for kvar mil og gjestgjevari kvar tredje mil. Desse avstandsmåla ser vi vart gjennomførde i Jølster.

Frå 1660 og utover på 1700-talet vart det langs hovudrutene etablert skysskifte med ein skysskaffar, altså ein person som fekk ansvaret for å skaffe skyss. Alle skysspliktige høyrde til eit visst skysskifte med ein skysskaffar, og alle som høyrde til eit skifte, vart kalla eit skysslåg. Friskyssen var ein del av skatten for dei som åtte eller brukte jord. For å redusere misbruket av friskyssen, etablerte styresmaktene eit skystell som sørge for transport av private reisande til ein rimeleg pris, ein betalingskyss.



Skyssinga vart ei trykkjande byrde for bøndene, og ordninga vart mykje misbrukt, dels ved at folk som ikkje hadde krav på det, likevel skaffa seg friskyss, dels ved at dei skysspliktige prøvde å unndra seg skyssplikta.

27

liggjande gardane. Ved folketeljinga i 1801 er ingen husmannsplass nemnd under Årset, Løset, Lergrovbakken eller Ospehaugen, men det er nemnt to plassar under Gjesdal. Begge låg truleg nær Vassenden, og ein av plassane var nok den plassen som seinare er nemnt som Vassendehaugen.

## Skysskaffarstad

I tillegg til at der var gjestgjevari med øltapperi, budde det jamt ein til to andre husmannsfamiliar på Vassenden på 1700-talet. Ein av desse husmennene var skysskaffar. I Jølster er det på 1600- og 1700-talet nemnt skysskaffarar på Årset/Vassenden, på Hegrenes, i ytre Årdalen og på Fygle/Skei. Skysskaffarstadane var ofte samlokaliserte med gjestgjevaria, m.a. var det slik i på Vassenden og Skei. Kring Vassenden finn vi nemnt Tore Årset som skysskaffar i 1655 og 1668, Tore Andersson Løset i 1691 og Ola Borgarsson Årset i 1708. Alle desse tre var samstundes gardbrukarar, men seinare vare det fattige husmenn som hadde denne stillinga.

Noko ordna skystell fanst ikkje i Noreg før rundt 1600. Ein kvar som skulle reise i private ærend før den tida, måtte bli samde med bøndene om skyss, men embetsmennene (prestar, futar, sorenskrivarar og amtmenn) og adelen hadde krav på fri skyss, også når dei for i private ærend.

Frå 1622 skulle reisande som ikkje hadde rett til friskyss,

Betalingskyssen var ikkje ein del av skatteordninga, men plikta til å skyss låg likevel på jordeigarane. Vanlegvis var betalingskyssarane frå dei næraste gardane til eit skysskifte, medan friskyssen i utgangspunktet omfatta alle bøndene i eit visst område.

Skyssinga vart ei trykkjande byrde for bøndene, og ordninga vart mykje misbrukt, dels ved at folk som ikkje hadde krav på det, likevel skaffa seg friskyss, dels ved at dei skysspliktige prøvde å unndra seg skyssplikta. M.a. er det nemnt at Nils Jakobsson Hegrenes i 1683 fekk ei lita bot for «Fløtnings forsømmelse»; han ville vel ikkje flytte – skyss – futen eller andre embetsmenn.

I ei ny lov i 1816 var friskyssen oppheva og avløyst av betalingskyss. Menn som etter det tok på seg skysskaffarjobben, vart lokka med rett til å bli postbønder eller rett til å drive landhandel.

Ved folketeljinga i 1801 finn vi to skysskaffarar i Jølster, begge nemnde som skysskaffar og jordlaus husmann: Elias Tollefsson på Hegrenes, 83 år (nemnd som skysskaffar frå 1778) og Jon Rasmusson på Skei, 76 år. Sjølv om «skaffar»-tittelen ikkje er nemnd, er det naturleg å tenkje at dei jordlause husmennene Endre Simonsson (43 år) i Gjesdal og Ola Danielsson (37 år) i Årdalsbakken også var skysskaffarar.

## Kvar budde vassendarane?

Det er generelt vanskeleg å slå fast kvar husmannsfolket

budde, for plassetar og bygselkontraktar er ikkje alltid tinglyste og innførte i pantebøkene, og før det kom krav om tinglysing av slike avtalar på midten av 1800-talet, vart nok mange av avtalene gjort munnleg. I noko grad kan vi støtte oss til folketeljningane i 1801, 1825, 1835 og 1865, men akkurat når det gjeld Vassenden får vi ikkje heilt klarleik av teljingane. Ei anna viktig kjelde er kyrkjebøkene, der innførte dåpar, vigslar og gravleggingar viser kvar folk budde ved desse hendingane. Igjen er det problematisk med Vassenden: Same personar kan i ulike høve få ulike etternamn, t.d. både Vassenden og Gjesdal. I den tida skifta dei etternamn etter kvar dei var busette, så flytta dei, fekk dei eit nytt namn.

Etter at Vassenden vart matrikulert som eigen matrikkelgard i 1858 og 1863, var heile garden plassert på nordsida av elva, men i tidlegare tider hadde namnet Vassenden, naturleg nok, også omfatta området rett over elva på sørsida.

Folketeljninga i 1801 er første teljinga der heile folket – også kvinnene – blei talde. På Vassenden er nemnt berre eitt hushald, familien til gjestgjevaren Simon Olsson. Familiene til den jordbrukande husmannen Daniel Nilsson og den jordlause husmannen Endre Simonsson er nemnde blant folket i Gjesdal, men truleg budde også desse på eller nær Vassenden, på sørsida av elva. Daniel hadde to år tidlegare fått feste på ein plass under Gjesdal, Ospehaugen og Lergrovbakken.

Folketeljninga i 1825 kan gje inntrykk av at fire av fem huslydar på Vassenden budde på nordsida av elva, men det stemmer truleg ikkje. I 1826 fekk ein av husmennene, Peder Nilsson, ein son, og då er foreldra nemnde som «Leite»; vi kjenner namnet att frå seinare kjelder, då som ein plass under Lergrovbakken (på sørsida). Også husmannen Ola Nilsson budde truleg under Lergrovbakken. Og då Lars Tollefsson fekk festesetel på ein plass på Vassenden av soknepresten Andreas Doth i 1812, er det spesifisert at plassen låg under gardane Gjesdal, Ospehaugen og Lergrovbakken. Den femte familien på Vassenden, med Simon Endresson som husfar, er nemnd for seg sjølv i 1825, og seinare kjelder plasserer han under Gjesdal. I sum blir det då berre gjestgjevaren som budde på nordsida av elva, dei andre på sørsida.

I 1835 er berre landhandlarfamilien Knutsson nemnd på Vassenden. Husmannen Simon Endresson på plassen Vassendehaugen er skriven under Gjesdal. Av husmennene som var nemnde i 1825, var Peder Nilsson flytta til An-

gedalen før 1835, Ola Nilsson var innerst på Lergrovbakken og Lars Tollefsson var død og hadde overlete plassen til svigeronen Jens Klausson.

I 1865 er det nemnt to familiar på Vassenden. I tillegg til landhandlarfamilien budde familien til Peder Sakariasson der. Han hadde tre år tidlegare fått feste på jord under garden Løset. Dei tidlegare nemnde plassane Vassendevika og Vassendehaugen finn vi då under Gjesdal.

### Andre plassfolk på Vassenden

I tillegg til gjestgjevar og skysskaffar, budde der i lange periodar også andre plassfolk på Vassenden. Ola Olsson frå Kvammen (f. ca. 1701/1705) og kona Gunnhild Olsdotter frå Løset (ca. 1667–1737) budde der kring 1728–37, men eg skal her ta føre meg han som kom dit rett etter, Krispinus Tollefsson.

Det meste vi veit om folket på 1700-talet, kjem frå skifteprotokollar, kyrkjebøker og tingbøker. Ofte er det slik at noko vondt og vanskeleg måtte hende først, som så vart detaljert omskrive i tingbøkene, for at vi skal få ta del i noko av dagleglivet i den tid. Av og til var det meir hyggelege grunnar for innføringa i bøkene, t.d. då Krispinus Tollefsson Vassenden (ca. 1670–ca. 1750) vart trulova med Abelone Olsdotter Vika (ca. 1686–1758) i påska 1738. Krispinus var ein del eldre enn den kommande kona, og for å sikre henne om han fall bort, skreiv dei ei trulovingssemje der ho vart lova å arve han. I denne semja får vi for første gong høyre om kva bygningar der var på Vassenden. Krispinus hadde bygd seg ei stove med tilbygd «bakrom», ei skytje som stod bak stova, ei frittstående bu og ein liten fjøs. Alle desse bygningane skulle ho behalde om han døydde, og alt anna han etterlet seg skulle delast mellom Abelone og dottera hans.

Merkeleg nok blir det skrive ei ny avtale i kyrkjeboka åtte år seinare, i påska 1746, der dei to er framleis nemnde som «festemanden» og «festepigen». Ei vanleg tid mellom trulovinga og vigselen ville vere frå nokre månader til eitt



Utsnitt frå «Amtskartet» frå 1867 viser Vassenden og dei kringliggjande gardane.

år, men Krispinus og Abelone er aldri innskriven i kyrkjeboka som gifte. I 1746-versjonen av avtalen fekk Abelone rett til å overta plassen etter Krispinus, mot at ho tok seg av han «i hans alderdom». I 1746 var Krispinus kring 76 år gammal og Abelone kring 60. Krispinus er ikkje nemnd i kjeldene etter 1746, Abelone er nemnd to gongar til i kyrkjebøkene: I 1752, som fadder for eit born frå Vika, og då ho vart gravlagd i 1758.

Krispinus var fødd på Sunde ca. 1670. Han var dreng i Sandneset i 1700 og budde på Hus i 1726, og var truleg nettopp kommen til Vassenden i 1738. Han hadde vore gift tidlegare, men ekteskapet var barnlaust. I staden hadde han fått tre uekte born med tre ulike kvinner, frå Fygle, Strand og Hus. Utruskap var av dei få årsakene ei kvinne kunne krevje skilsmål etter, men Krispinus er nemnd som gift alle tre gongane han var i hopehav utanfor ekteskap.

Dottera som er nemnd å skulle arve han i 1738, var Agate, f. 1708 på Hus. Det må vere same Agate Krispinusdotter Vassenden som var fadder i 1735 og som trulova seg i juni 1738 og vart gift i januar 1739; ho må ha busett seg hos faren. Born utanfor ekteskap var heller sjeldan i Jølster, samanlikna med andre distrikt, men det skjedde oftare med folket på Vassenden enn andre stadar i bygda. Uansett var det svært uvanleg at det var barnefaren som tok til seg og tok ansvar for «uektefødde» born.

### Skysskaffaren Ola Olsson (1704–1769)

Dei neste plassfolka på Vassenden var Ola Olsson frå Gjesdal, husmann og skysskaffar, og kona hans, Magnhild Jakobsdotter frå Sanddal (f. 1709, overlevde mannen). Dei kom til Vassenden kring 1750, etter å ha vore tenarar ulike stadar. Dei hadde berre eit barn saman, dottera Randi, f. 1733 i Gjesdal, men ho døydde same året. I staden vart det ei uekte dotter av Magnhild, Ingeborg Nilsdotter (1735–1790), som tok over plassen etter stefaren Ola Olsson. Magnhild hadde fått dottera saman med Nils Knutsson Sanddal i 1735, då ho var terne i Sanddal – ektemannen Ola Olsson var då soldat og tenar i Erdal i Førde. Ola er nemnd som skysskaffar på Vassenden i 1753, 1764 og då han døydde i 1769.

I 1764 vart Ola Olsson stemna til tings av birkedommaren Møller for skyssen han hadde fått ned til Mo etter hausttinget på Bjørset året før. Der elva Jølstra hadde stått innover land, hadde det isa seg opp, og dommaren sin uskodde hest datt, to gongar, og dommaren følgde etter i bakken.

Buet etter Ola Olsson hadde verdiar for berre 14 dalar, og fråtrekt gjeld og kostnad var der att 8 dalar til arvingane (kona, stedottera og borna etter Ola sine tre søsken). Dei hadde ingen husdyr, men dei åtte m.a. ein gammal færing, ei røykstove med eldhus, ei lita bu og eit naust.

Etter vanleg skikk, var det ektemannen til Ingeborg Nilsdotter som fekk festesetel på plassen, i 1765. Vi får no vite at plassen låg på sørsida av elva, for Anders Olsson Ler-grovbakken protesterte då sokneprest Heiberg hadde skrive ut festesetel, og meinte jordstykket og husa låg på hans mark. Vi høyrer ikkje meir til saka, så partane har funne ein måte å semjast på, for Ingeborg og mannen Nils Nilsson vart buande der.

### Skifte på Vassenden 1750–1850

Eit skifte er ofte ei god kjelde til å få eit innblikk i levetilhøva i gamle dagar. På Vassenden vart det halde fire skifte i tida 1751–61, for to gjestgjevarar og to gjestgjevarkoner. Gjestgjevarane som sat der seinare, flytta lenge før dei døydde, og vi har difor ikkje skifte etter dei på Vassenden. Etter år 1800 vart det meir og meir vanleg at lausøyret vart selt på auksjon – tidlegare hadde det blitt delt på kreditorar og arvingar «in natura» – og då nemner dessverre ikkje skifteprotokollane kva som fanst i buet etter den avdøde.

Dei fire skifta hadde verdiar for mellom 40 og 65 riksdalar, gjeld mellom 30 og 62 dalar og skiftekostnad på opp til knapt 9 dalar. Som vi forstår var der lite att å dele på arvingane – nettoen i dei tre første skifta var berre 3, 4 og 23 dalar, medan skiftet hos gjestgjevaren Sjur Pedersson i 1761 var fallitt med 15 dalar. I alle desse skifta vart eigedelane delte mellom arvingane. Samanlikna med skifta etter bondefamiliar på nabogardane, er både brutto- og nettoverdiane betydeleg mindre i gjestgjevarskifta.

Det meste var reiskap og utstyr vi finn i andre skifte på denne tida, men vi får også opplista kva der var av bygningar. Ein gammal og liten hestestall er nemnd berre første året, men elles nemner alle skifta sju bygningar: røykstove, matstove med eldhus, sengebu med kjellar under, stabbur, naust, høyløe og fjøs. Vurdert utifrå verdien som er oppgjeven, må der ha vorte bygd ei ny matstove kring 1754 og ei ny sengebu før 1761. I fjøsen hadde dei to–tre kyr og to–fem sauer med lam, men i 1761-skiftet er nemnt berre ei ku og ei hoppe.

Bergenskjøpmannen Johan Kobro var kreditor i alle desse fire skifta, med krav mellom 10 og 20 riksdalar. I dei to første skifta er det også krav om 1 dalar i Consumtionsskatt for eitt år. Dei andre krava kom frå lokale folk for m.a. pengelån, kjøp av dyr, kvernleige og tenesteløner. Av uvanlege krav mot bua kan nemnast oppgjør for humle og malt, brenneved og korn.

### Peder Pedersson (ca. 1695–1753)

Peder Pedersson frå Hegrenes var første gjestgjevaren på Vassenden, frå 1724, men han busette seg der nokre år tidlegare. Peder vart gift 17. januar 1717 med enkja Helga Larsdotter frå Strand (ca. 1688–1751), men då dottera Lisbet Margrete vart fødd allereie i månadsskifte juli/august, rekna presten seg fram til at dei hadde vore saman for tidleg, og i 1718 vart Peder dømd til 3 riksdalar i bot for legemål med kona si. Bota svei, og det var vanskeleg for styresmaktene å drive inn pengane. Ved dåpen var foreldra skrivne som «Peder Pedersøn Hegernes paa Vasenden og Helge Larsdatter Strand». Dottera Lisbet levde berre 14 veker. Dei fekk to born til: Marte, f. 1719, som flytta til Bergen, og Anne, f. 1721, som tok over plassen på Vassenden etter foreldra.

Å vere gjestgjevar var utfordrande økonomisk. I «Soga um Jølst» skriv Albert Joleik at Peder Pedersson stod fram på tinget i 1741 og klaga over at han «af Fattigdom maa Crepere», om han laut betale den store Consumptionsskatten. Skatten var på 2 riksdalar i året av ølsalet hans, og det var mykje når maltet no var så dyrt, etter uår i 1740. Men øl måtte folk ha – «dend trængende almue – udmattet paa deres Reise til Bergen».



Peder Pedersson Vassenden skreiv under som vitne i ei tinglysing i 1738. Dei fleste jølstringane på denne tida skreiv under «m.p.p.» (med påholden pen), men Peder sitt namnetrekk vart gjort «med egen haand».

*Skysstasjonen på Vassenden like før 1890.*

30

### **Sjur Pedersson (ca. 1727–1800)**

Neste gjestgjevaren var svigerson til Peder, Sjur Pedersson frå Kvammen, gift i mars 1750 med plassjenta Anna Pedersdotter (1721–1754). I 1759 fekk Sjur løyve frå kongen til å ha gjestehus og skjenkerett på Vassenden. Han skulle brygge øl, men brennevin laut han få seg i byen. Avgifta var det same for Sjur som for føremannen Peder, 2 dalar pr. år. Etter eitt år som gjestgjevar, var det tingvitning om at Sjur var utfattig, og folk laut hjelpe han og kona og borna. Anna Pedersdotter døydd i 1754, og enkjemannen Sjur sat att med tre små born i alderen ½–3 år, Helga, Pernille og Peder. I jula 1755 gifta han seg att, med Mari Torgeirsdotter frå Øvrebø (1721–1805), og i dette ekteskapet kom det to nye born, Anders f. ca. 1756 og Brite f. 1766.

Helga Sjursdotter, som aldri gifta seg, flytta til Årstad sokn og seinare til Fana. Pernille Sjursdotter døydd ung og ugift. Peder Sjursson gifta seg med ei Alet Ivarsdotter og flytta til Fana. Halvbroren Anders Sjursson vart gift med Helga Endresdotter Berg, og etter at dei hadde budd på Vassenden i kring ti år, flytta dei til Kronstadnes i Årstad sokn ved Bergen. Den yngste av borna, Brite Sjursdotter, tok over gjestgjevarplassen.

I april 1761 fekk Sjur Pedersson ein «uekte» son, Hans, saman med Helga Hansdotter frå Støfringsdalen. Om det var vanskeleg for svigerfaren Peder å betale 3 riksdalar i bot i 1717, var straffa til Sjur verkeleg kolossal. Sidan Sjur som gift mann hadde fått eit barn utanfor ekteskap, skulle alt han åtte teljast og verdsetjast, og hans halvdel av buet skulle gå som bot til kongen. Den andre halvdelan skulle kona hans få sitje med.

24. mai stod Helga Hansdotter offentleg skrifte i Ålhus-

kyrkja og «bekjendte for menigheden», og presten skreiv at det var «ingen andre barnefader at viide af end Siur Vasenden». Dagen etter, 25. mai 1761, møtte kammerråden Hans Thiis Nagel og futen Jakob Ravn på Vassenden, saman med lensmann Tollef H. Bjørset og lagrettemennene Tollef O. Gjesdal og Nils N. Gjesdal. Dei talde opp at der var verdiar for 47 dalar, og sjølv etter «nøgit efter Søgning» fann dei ikkje meir. Når gjeldspostane kom opp i nesten 63 dalar, var der ingenting att å hente i bot for kammerråden og futen.

I 1778 fekk Sjur Pedersson tinglese festesetel frå Jølsterpresten Heiberg på husmannsplassen som Nils Nilsson Vassenden (f. Hammar i 1735) hadde hatt før. Denne plassen låg på sørsida av elva, under Lergrovbakken. Sokneprest Heiberg gav feste på same plassen i 1765, 1778 og 1799 – det må ha vore rekna som ein offentleg stad eller allmenning, for prestebolet (jordeigedomen som hørde til eit presteembete) hadde ingen eigerettar her.

I 1779 bad Hans Nilsson Myklebost (f. Sandnes) om å få overta gjestgjevarretten, fordi Sjur Pedersson ikkje lenger klarte å skaffe øl m.m. til dei reisande, men det ser ut til at Sjur klarte å halde på retten til neste generasjon var klar til å ta over nesten ti år seinare.

### **Rasmus Olsson (ca. 1761–1837)**

Også neste generasjon på gjestgjevariet var i same slekta: Rasmus Olsson frå Bringeland i Gaular, gift i juli 1787 med plassjenta Brite Sjursdotter (1766–1812). Rasmus hadde komme til Jølster som dreng hos broren Johannes Olsson, som var gardbrukar på Østenstad. Han tok over gjestgjevarretten etter svigerfaren Sjur Pedersson i 1788, men i 1795 flytta Rasmus og kona Brite til plassen Med steinen i

Sanddal. På 1700- og 1800-talet var det mange fleire som flytta frå enn til Jølster, men på Vassenden var det ofte innflyttarar som busette seg som gjestgjevarar. Rasmus og Brite fekk tre born saman på Vassenden, og fem fleire kom til i Sanddal: 1) Anne f. 1787, flytta til Rotenes i Førde, 2) Johannes f. 1789, døydde kring 1815, 3) Anders f. 1793, busett på Hafstad i Førde, 4) Sognille f. 1797, levde som innerst ulike stadar i Jølster, 5) Synneve f. 1800, men døydde året etter, 6) Elias, f. 1803, med ukjend lagnad, 7) Ola f. 1806, plassmann på Solheim i Naustdal, og 8) Malene f. 1809, som vart gift 1846 i Åsane ved Bergen.

### **Simon Olsson (ca. 1755–1830)**

Fjerde gjestgjevaren på Vassenden var den første utan slektskap med dei føregåande. Simon Olsson var frå Hafstad i Førde, og fekk gjestgjevarett på Vassenden i 1795. Heller ikkje kona hans var jølstring: Anne Modestusdotter (f. ca. 1767). I folketeljinga frå 1801 er det berre Anne i heile Noreg som er nemnd med farsnamnet Modestus. I same teljinga var det berre ein med dette førenamnet i landet: ein fire år gammal gut på nabogarden Løset. Ved folketeljinga i 1801 var det berre huslyden til Simon Olsson, skriven som plassmann og øltappar, som er nemnd på Vassenden, men to hushald skrivne under Gjesdal låg truleg rett sør om elva. I 1801 hadde Simon hos seg kona Anne, den ugifte terna Olina Olsdotter (29 år) og svigermora, enkja Anne Olsdotter (82 år).

Etter elleve år på Vassenden gav Simon seg som gjestgjevar. I 1806 kjøpte han seg eit bruk på garden Naustdal i Naustdal, 1 pund 12 merker smørs jord på offentlig auksjon for heile 1220 riksdalar, og der budde han resten av livet. Det er ikkje kjent at Simon og kona Anne hadde born etter seg.

### **Jon Danielsson (1780–1853)**

Jon Danielsson frå Fygle var neste gjestgjevar. Då han vart gift 1804 med Marta Andersdotter frå Østenstad (1782–1856), var Simon Olsson Vassenden ein av to kausjonistar (vitne). Jon var odelsgut til farsbruket på Fygle, men bygsla det vekk i 1808. Første barnet deira, Danille, var f. 1805 på Fleten i Holsen sokn, men familien var komne til Vassenden då sonen Andreas vart fødd i mars 1807. Kring 1825 flytta Jon og kona Marta til Fygle, og let sonen Andreas ta over på Vassenden. Dei fekk tre andre born, men to av dei, begge kalla Hans, døydde tidleg. Dottera Danille flytta til Angedalen, yngste sonen Johannes (f. 1813) vart gardbrukar på Fygle.

Skiftet etter Jon Danielsson Fygle i 1855 viste verdiar for 58 spesidalar, men fråtrekt gjeld på 59 dalar og auksjons- og skiftekostnadar på 6 og 10 dalar, var buet fallitt med 17 dalar.

### **Andreas Jonsson (1807–1870)**

Andreas Jonsson var første gjestgjevaren som sjølv var fødd på Vassenden. Han fekk gjestgjevarløyve frå kong Karl Johan i mars 1827, 20 år gammal. Mot å betale 2 spesidalar i årleg avgift skulle han få vere gjestgjevar og selje mat og drikke til reisande, og han skulle ha lokale med lys og brenne til dei. Det vart presisert at det var heilt ulovleg

å drive kro og selje øl for lokalbefolkninga. Seks månader før, i oktober 1826, hadde Andreas lånt 190 spesidalar av kjøpmann P. A. Prante i Bergen, mot 4 % rente og pant i Andreas sin gard på Fygle, som han hadde fått skøyte på i 1825.

Andreas vart gift 1826 med Synneve Mosesdotter frå Øvrebø (1797–etter 1870), og dei hadde fem born saman: 1) Henrik Karl f. 1828, d. 1848 som tenar i Sanddal, 2) Marte f. 1829, flytta truleg til Bergen, 3) Moses f. ca. 1833, ukjend lagnad, 4) Johannes f. 1834, levde sju dagar, og 5) Johanne f. 1835, busette seg i Bergen.

Allereie i 1825 hadde Andreas fått skøyte på faren sitt farsbruk på Fygle. Første åra dreiv faren bruket, men i 1833 flytta Andreas og familien hans dit. I 1839, etter seks år på Fygle, skøyte han frå seg bruket til broren Johannes. I 1841 kjøpte Andreas halve Sanddal bnr. 1, men i 1852 var han ein av dei mange i Jølster som kom opp i store økonomiske problem, og bruket i Sanddal vart selt på tvangsauksjon. I 1865 var Andreas og kona bst. i Bergen, der han var steinarbeidar, og der døydde han fem år seinare.

### **Knut Knutsson (ca. 1804–1861)**

I oktober 1832 selde Jon Danielsson Fygle gjestgjevarstaden Vassenden til bokbindarsveinen Knut Knutsson for 725 spesidalar. Samstundes lånte Knut 525 spesidalar av Jon, mot pant i eigedommen på Vassenden. Inkludert i salet var alle Jon sine hus på Vassenden, bortsett frå eit kvernhus. Jon plikta å rydde og flytte frå plassen innan april året etter. Verdien at gjestgjevarstaden var som 2–3 gardsbruk i Jølster.

Knut Knutsson fekk drive bondehandel på Vassenden, etter «Kongl. Bevilling» i mars 1833. Løyvet kosta 5 spesidalar, samt at han skulle gje 2 dalar i årleg avgift. Han fekk ikkje lov å selje «Spirituusse Drikkevahrer», men skulle elles ha alle varer som «til fornævnte handel maatte anhøres, fra indenrigske kjøbstæder», utan at det blir nærare spesifisert kva varer det då var snakk om. I 1834 pantsatte Knut Knutsson eigedommen til Sunnfjord overformynderi for 300 spesidalar, med 4 % rente.

Knut Knutsson var f. ca. 1804 og døydde på Vassenden i 1861. Kona hans heitte Elisabet (også nemnd som Lisa) og var f. ca. 1790, og ho døydde mellom 1862 og 1866. Eg har ikkje funne ut kvar nokon av dei var fødde eller voks opp. Sidan Knut var bokbindarsvein då han kom til Vassenden, må han vel ha opphalde seg i ein by – Bergen? – i læretida. Eg har ikkje kunna finne spor i vigslar eller dåpar i Bergen. Knut Knutsson døydde og vart gravlagd i Jølster i 1861. Då kåret til han og kona vart avlyst i 1866, stadfesta lensmann Hans Brun Landmark og postfører Kvamme (på Hegrenes) at også enkja Elisabet var død, men det er ikkje nemnt når eller kvar ho døydde. Sidan det ikkje finst spor i kyrkjebøkene, må ho ha flytta frå bygda etter at ho vart enkje.

Knut og Elisabet hadde ei dotter hos seg ved folketeljinga i 1835, Marie på 3 ½ år. Ho fekk skøyte på Vassenden av faren i 1844, og då er heile namnet hennar skriva i panteboka: «Marie Margrete Elisabet Sophie Knudsen». Ho sat som eigar der fram til 1849.

Sjølv om Knut Knutsson fekk løyve til å drive bondehandel, er han sjeldan nemnd som kravmann i skifta i Jølster. Det kan tyde på to ting: At mykje av handelen føregjekk med kontant oppgjær, eller at jølstringane ikkje brukte Vassenden som handelsstad i særleg grad. På den andre sida er det sjeldan skifte i Jølster frå første halvdel av 1800-talet utan at ein eller fleire bergenskjøpmenn hadde tildels store krav mot buet.

### **Anton Gerhard Danielsen (1819–1851)**

Knut Knutsson pantsatte sitt «eiendommelig tilhørende handelsstæd» på nytt i 1841, for 300 spesidalar til overformynderiet. Ein av vitna som skreiv under, var Anton G. Danielsen. Same Anton inngjekk seinare same år ei avtale med Knut Knutsson om å overta handelen på «Gjestgiver og Landhandlerstedet Vasenden» frå nyår 1842. For dette skulle Anton betale 40 spesidalar for kvart av dei første fem åra, og deretter 50 spesidalar pr. år. Anton skulle ha råderett over stova og salen på venstre side av inngangen til «Nybygningen», samt halvdelen av loftet. Knut skulle ikkje ha lov å «modtage og beverte Reisende af den conditionerede Stand».

Bortsett frå denne avtalen, var det lite spor å finne etter Anton G. Danielsen på Vassenden, før eg i panteboka for 1866 fann eit skriv: «Mellem min for mange Aar siden afdøde Svoger Anton G. Danielsen og Landhandler Knutsen oprettedes en (...) contract. (...) At denne contract forlængst er ophævet kan jeg som nøie bekendt med Forholdet bevidne», underteikna av lensmannssonen Edvard Martinus Falch og datert «Volden» (i Førde) 17. mai 1866.

Anton G. Danielsen var urmakarson frå Bergen, og gifta seg i oktober 1843 i Førde med lensmannsdottera Wilhelmine («Mine») Falch frå Førde (1824–1911). Dei fekk fire born saman: Fransiska f. 1844, Johannes f. 1847, Petronelle f. 1849 og Antona Gerharda f. 1851. Første barnet var fødd i Førde, men familien budde på Vågane i Kinn prestegjeld då Johannes og Petronelle vart fødde og då Anton døydde i mai 1851, berre 32 år gammal, av ukjend årsak. Yngste dottera vart oppkalla etter han då ho vart fødd 1 ½ månad etter. Enkja Wilhelmine hadde då flytta til slekta si på Skei i Førde. Sidan ingen av borna var fødde i Jølster, spørst det vel om avtalen mellom Anton og landhandler Knutsson nokon gong vart sett i verk.

Ved dei siste barnedåpane og då han døydde er Anton nemnd med tittelen proprietær, altså at han var ein stor jordeigar. I 1843 fekk Anton G. Danielsen skøyte på to bruk på Vågane i Kinn på samla 3 ½ pund smørs jord frå svigerfaren, lensmann Johannes Falch, for 1500 spesidalar. Anton var då allereie eigar av eit bruk på Igland i Kinn (21 merker), med skøyte i oktober 1841 for 190 spesidalar, som han bygsla vekk. Kjøpet i 1843 vart finansiert m.a. ved at Anton lånte 1000 spesidalar av Sunnfjord overformynderi.

Skiftet etter Anton G. Danielsen i 1855 viser store verdiar, men nesten like mykje skuld. Buet etter han hadde faste og lause egedelar for heile 2214 spesidalar, men med 2107 dalar i gjeld, pluss ein skiftekostnad på 46 dalar, var der att berre 60 dalar til deling på arvingane, enkja og dei fire unge borna. Største fordringa var 1076 dalar i pantegjeld til Sunnfjord overformynderi. Uvanleg mange av dei andre kre-

ditorane var handelsfolk: kjøpmann Svanøe, handelsmann Krohn, kjøpmann Rubach, kjøpmann Krohn, handelsmann Vallur og kjøpmann Gade, samt ei rekkje lokale folk.

### **Gotlieb Wilhelm Brostrøm (1817–1888)**

Gotlieb Wilhelm Brostrøm frå Talvik sokn i Alta er nemnd som landhandler då han vart gift i april 1849 i Bergen med Elisabeth Didrichsen (1809–1871) frå Bergen. I september 1849 fekk han skøyte på handels- og gjestgjevarstaden Vassenden frå verja til den 17 år gamle eigaren «Marie S. Knudsen» for 400 spesidalar. I tillegg til kjøpesummen skulle han gje kår til handelsmann Knutsson og kona hans for resten av deira levetid, verdsett til 50 spesidalar pr. år. For å greie kjøpet, lånte Brostrøm 700 spesidalar av svogeren handelsmann Berger K. Didrichsen i Bergen, med 4 % rente og pant i Vassenden.

I 1853 vart det tinglyst kårkontrakt som Brostrøm hadde inngått i 1848 med handelsmann Knutsson. Han skulle setje opp eit hus på Vassenden for Knutsson, beståande av stove, kjøken og loft. I tillegg skulle han kvart år gje to tønner bygg, ei tønne rug, ein våg smør, tre tønner poteter, ein stor del kjøt, samt 20 spesidalar i kontante pengar. Til gjengjeld skulle Knutsson slutte med handel på Vassenden, og alle rettane til plassen tilfall kjøparen. Samanlikna med kårkontraktar for bondefamiliar i Jølster, var dette kåret svært stort.

Ekteparet Brostrøm fekk ei dotter i Jølster: Nikoline Bergitte, f. 1850. Siste spor etter dei på Vassenden er at Gotlieb pantsatte handelsstaden for 554 spesidalar i 1854. Familien flytta til Bergen før folketeljinga i 1865, og der budde dei resten av livet. Gotlieb var uekte son til Birgitte Aronsdotter og kjøpmannen Jørgen Adolph Brostrøm i Alta. Etter at han reiste frå Jølster, arbeidde Gotlieb som «factor» og biletskjerar i Bergen. Dottera Nikoline vart gift i Bergen i 1870, men er ikkje å finne der i seinare folketeljingar (1875 m. fl.).

### **Nils Olsson Årdal (1823–1883)**

Nils Olsson Årdal fekk skøyte på handelsstaden i august 1858, utskrive av Jølster-lensmann Olav Paulsson på vegner av handelsmann Brostrøm (som då budde i Bergen), etter at Vassenden vart matrikulert som eigen matrikelgard året før. Nils betalte 900 spesidalar, samt at han overtok den store kårplikta for Knut Knutsson og kona Elisabet.

På 1800-talet var det vanleg å byte etternamnet etter kvar ein budde, men Nils skreiv seg for Nils O. Årdal også etter at han busette seg på Vassenden. Sonen Nikolai tok ikkje gardsnamn som etternamn i det heile, men i pantebøker o.l. gjekk under namnet «N. Nilsen».

Nils O. Årdal var gift to gongar; første gong 1860 i Jølster med Katrine Jonsdotter frå Lyngstad (1822–1860) og andre gong 1861 i Førde med enkja Anne Sofie Olsdotter Hafstad (f. Hornnes i Førde, ca. 1826–1880). Katrine døydde under fødselen til einaste barnet deira, ein dødfødd son. I andre ekteskapet kom det tre born: Katrine Nikoline f. 1864, Nikolai Andreas f. 1866 og Oliva Severina f. 1869. Dei to døtrene utvandra til Amerika, men sonen vart hotelleigar på Vassenden. I tillegg hadde Anne Sofie Olsdotter to døtrer med seg frå første ekteskapet på Haf-





Vassenden kring 1890, sett frå sørsida av elva.

stad: Nikoline Kristine (f. 1853) og Marie Andrea (f. 1855). Begge dei sistnemnde voks opp på Vassenden, men døydde der allereie i 1879 og 1878, 26 og 23 år gamle.

I 1861 hadde det gått rykte om at Nils O. Årdal var far til det uekte barnet som den ugifte tenestejenta Anne Eriksdotter Skei hadde fått i Bergen. Nils stemna Knut Helgheim til forlikskommisjonen, og der vedgjekk Knut at han ikkje hadde prov for rykta. Knut, som var umyndiggjort og møtte med verje i forlikskommisjonen, måtte betale forliksavgift på nesten 4 spesidalar til kommisjonen.

I 1879 vart det halde eksekusjonsforretning hos Nils O. Årdal, og det vart teke utlegg i eigedom og husa for 1200 kroner som han skulda til enkja etter ein bergenskjøpmann. Både åra før og etter eksekusjonen, ser vi at Nils lånte pengar hos ulike personar, mot pant i eigedom på Vassenden. I skiftet etter Nils i 1886 vart eigedom og husa utlagt til sonen Nikolai for 5158 kroner, men med like mykje i panterett til ulike kreditorar. Største kreditoren var Førde Sparebank, med krav på over 3700 kroner.

### Nikolai Nilsen (1866–1914)

Nikolai Nilsen var son til handelsmannen Nils O. Årdal på Vassenden, og det var Nikolai som fekk bygd hotellet på Vassenden i 1889. Som vi såg ovanfor tok Nikolai over gjelda som følgde eigedom i 1886. Det var ein tøff start for 20-åringen Nikolai, og i mars 1892 leverte han buet sitt til konkursbehandling. Han klarte å drive vidare, m.a. ved at han same år leigde ut nokre rom i det gamle hotellet til bakar Helgesen for 120 kroner pr. år. Vi ser også at Nikolai hadde nye tankar for drifta, då han i 1891 leigde fiske retten i Jølstra for 20 år av alle oppsitjarane frå Vassenden og nedover langs elva.

Nikolai var gift to gongar, og han gjekk ikkje langt for å finne seg kone: første kona var Talina Mosesdotter frå Gjesdal (1865–1893) og andre kona var Karoline Mosesdotter frå Lergrovbakken (1865–1955). I første ekteskapet var der tre born: Nils Albert f. 1885, Ola Andreas f. 1887 og Moses Andreas f. 1890. Nils og Moses utvandra til

Amerika, Ola døydde på Vassenden i 1906. I andre ekteskapet var det eitt barn: Anfinn Trygve (1898–1940), som seinare tok over hotellet etter foreldra og vart postopnar på Vassenden.

### Mot nye tider

Vi slepper historia om folket på Vassenden ved inngangen til 1900-talet. I folketeljinga i 1900 budde det 16 personar under matrikelgarden Vassenden, i fire hushald: Hotelleigaren Nikolai Nilsen med hans familie, ein liten vegarbeidarfamilie, ein jordbruksarbeidar i eige hushald og landhandlarfamilien Hylderås. Same år hadde bakaren Hans Helgesen frå Skånevik i Hardanger fått utskilt eit bruk på Årsetflata (under matrikelgarden Årset). Helgesen leigde bakeri og nokre andre hus av hotelleigaren N. Nielsen på Vassenden på 1892, men familien var kommen frå Bergen til Jølster seinast i 1890, då ei dotter vart konfirmert i Ålhus.

Vel ti år før hundreårsskiftet hadde det nye hotellet blitt bygd der, nye bakar- og landhandlarfamiliar var kommen til, det nye meieriet på Vassenden vart bygt i 1897, og biltrafikken med auka turiststraum låg ikkje langt fram i tid. Ved inngangen til 1900-talet var det sentrumsutvikling på alle dei tidlegare skysskiftestadane i Jølster: Vassenden, Ålhus/Hegrenes, Årdal og Skei. Dette blei vidareført inn på 1900-talet, der jølstringane aldri heilt blei samde om kva som var det naturlege kommunesenteret. Det får bli ei anna historie!

### ■ Kjelder:

Joleik, Albert: Soga um Jølst  
 Klakegg, Anders O.: Bygdebok for Jølster  
 Tingbøker for Sunnfjord  
 Pantebøker for Sunnfjord  
 Skifteprotokollar for Sunnfjord  
 Kyrkjebøker frå Jølster

# Nytt liv til gammel hotelledrosje

Av Hallstein Dvergsdal

*Ikkje berre har gamle bilar sjel, stundom får dei også eit nytt liv. Slik er det med den gamle hotelledrosja på Vassenden, ein skikkeleg stasbil som har fått ny eigar og nytt liv.*

Både på Vassenden og Skei har det frå gammalt av vore skyss-stasjonar. Desse vart ein del av systemet kring Den Trondhjemske Postvei, «stamvegen» mellom Bergen og Trondheim.

## Nye tider og utfordringar

På 1700-talet var det veglaust langs Jølstravatnet, men i 1790 vart det sett i gang bygging av veg langs nordsida, ein veg som sto ferdig først i 1858. Før vegen kom, var Jølstravatnet ein del av postvegen, og post og reisande måtte fraktast i båt mellom Vassenden og Skei, ein rotur som var både lang og til tider farleg. Skyss-stasjonane på

Skei og Vassenden hadde nok ikkje den heilt store standarden i førstninga, noko som går fram av ein rapport forfatta av sorenskrivar Hans Arentz som regjerte i Sunnfjord frå 1763 til 1790. Han skreiv fylgjande etter eit besøk på dei to skyss-stasjonane: «Krohyttene på Vassenden og Skei må give en Reisende et meget ufordelaktig Begreb om vor Forfatning». Ein knusande dom frå sorenskrivaren, men like fullt den første spiren til dei to hotella som kom hundre år etter Arentz si tid. Hotellet på Skei sto ferdig i 1889, på Vassenden året etter.

På Vassenden var det Nikolai Nilsson som bygde hotell. Han var son av landhandlar Niils Olsson frå Årdalen og hotellet heitte den første tida Nilssens Hotell. Sonen Anfinn frå Nikolai sitt andre ekteskap overtok hotellet rundt 1920 og dreiv det fram til han døydde rundt 1940. Eigar no vart eit søskenbarn, Kristian Andreasson Støfring, som var hotelleigar fram til slutten av 1950-talet. Han var ugift, og det vart såleis nevøen hans, Arne Mosesson Støfring, som overtok då Kristian døydde. Han dreiv hotellet fram til slutten av 1980-talet, før det på nytt skifta eigar.

## Båt og bil

Etter at vegen var ferdig langs vatnet, gjekk transporten for det meste med hest og kjerre, men også det var ein sein og tungvint måte å ta seg fram på. Det var då, etter at dei to hotella sto ferdige, at hotelleigarane På Vassenden og Skei i lag med ein annan investor, A.N. Årdal, kom på den tanken å starte trafikk med dampbåt på Jølstravatnet. Dei fekk med seg 23 andre aksjonærar og stabla på beina ein aksjekapital på imponerende 8900 kroner. Kapitalen skapte grunnlaget for A/S Jølster Dampskibsselskab, truleg det første aksjeselskapet i Jølster, og etablert i desember 1890. Dei fekk tak i dampbåten D/S Fløen som hadde gått i trafikk på Nordåsvannet i Bergen, og etter mykje styr kom den etter kvart til Jølster og Vassenden under namnet D/S Skjold. Sommaren 1891 vart båten sett i drift på

34



↖ På tur langs Jølstravatnet ein gong på 60-talet. Bilen har her fått nytt registreringsnummer. Foto utlånt av Magne Støfring

← Jølstringar på tur med gamledrosja i 1963. Førar er Reidar Støfring og ved sida av han sit Hermann Myklebust. I baksetet Gjertrud og Daniel Grimsbø. Bak bilen Olav Grimsbø og på stigbrettet Lars Dagfinn Skjelde. Foto utlånt av Magne Støfring.

Jølstravatnet og gjekk i faste ruter mellom dei to hotella på sommarstid, og elles etter trong, fram til 1913. Då var det komme eit nytt transportmiddel til bygda, nemleg bilen, og skipsreiarane såg at turistar og andre reisande tok til å gjere seg nytte av bilrutene til det nyskipa Fjordenes Automobilselskap. Dermed avvikla dei reiarlaget og selde D/S Skjold til oppsittjarane i den veglause Kjøsnesfjorden.

Men det var bil denne saga skulle handle om, og først og fremst ein spesiell bil, nemleg ein av dei første bilane dei to hotella skaffa seg ut på 1900-talet. Som før nemnt vart det starta rutekøyring med bil gjennom bygda i 1912, då Fjordenes Automobilselskap starta køyring på strekninga Sandane–Vadheim, ei rute som amtmann Landmark kalla for «amtets pulsåre». I 1919 kom så Jølster kommunale Automobilselskap på bana med etter kvart to bilar. Det synt seg fort at det ikkje var plass for to billag på strekninga, og i 1921 gjekk i billaget inn i det nyskipa Firda Billag i lag med Fjordenes Automobilselskap.

På Vassenden Hotel hadde Anfinn Nilsen overteke drifta då bilane tok til å rulle gjennom bygda. Hotellet hadde skyss-stasjon og hotell-eigaren skjøna fort at den gamle hestedrosja måtte skiftast ut med bil. Og bil i dei dagar var det same som amerikansk bil. Det var der, i bilen sitt fødeland, at dei verkeleg kunne lage bilar, og såleis var to av dei første hotell-drosjene i Jølster amerikanske, av merket Chevrolet, med andre ord skikkelege stasbilar. Og fint måtte det vere, sidan mykje av jobben til desse bilane gjekk ut på å frakte utanlandske turistar om sommaren.

### Tilbod og kontrakt

18. juni 1928 får Anfinn Nilsen eit tilbod frå Chevroletforhandlaren i Bergen, Automobilkompagniet av 1923 A/S, det som seinare vart heitande Auto 23 A/S. Tilbodet gjeld ein ny Chevrolet Touring til ein pris av 3850 kroner. Ekstrastyr som bagasjeberar og eit ekstra klappsete kom på hundre kroner i tillegg.

Litt seinare blir det så skrive kontrakt om kjøp av bilen på ei kombinert avbetalings- og leigeavtale. Inklusive diverse omkostningar er bilen no kommen opp i 4350 kroner, men då er det inkludert bagasjebrett, reservehjul og eitt batteri. Kjøpet blir ordna slik at 1450 kroner skal betalast straks og resten over 18 månader med 161,11 kroner i månadlege avdrag. I avbetalingsperioden var bilen som leigeobjekt å rekne, men det står i kontrakten at «derefter gaar eiendomsretten til automobilen ugjenkallelig over til leieren».

Ja vel, kontrakten vart signert og bilen kom etter kvart til Vassenden med skiltnummer S-1166. Nummeret vart seinare endra til S-10402, fordi bilen sto ubrukt og avskilta ein periode og fekk ny registrering rundt 1960. Dei første ti åra etter at han kom til Jølster, gjekk bilen som drosje og



*Gamledrosja ferdig restaurert i Polen og klar for retur til Jølster.  
Foto utlånt av Magne Støfring*

*Slik såg bilen ut før restaureringa. Litt av ein jobb med andre ord.  
Foto utlånt av Magne Støfring*



som transportmiddel for hotellet sine gjester. Turistane på den tida var for ein stor del engelskmenn, men det ferierte også ein del folk frå Bergen i Jølster, og felles for alle var at dei ofte kom med båt til Vadheim, Bygstad eller Førde. Frå båten var det så biltransport til Vassenden, enten med rutebil eller at hotellet henta dei sjølve. Då kom det vel med å ha ein Chevrolet på «stallen» og sjølv om den berre hadde fire passasjerseate, så var det likevel eit stort framsteg, samanlikna med hestedrosja som tidlegare rådte grunnen.

To år seinare får Skei Hotel ein liknande bil, men den er lengre og har sju sete. Ombygginga frå fem til sju sete blir gjort i Noreg, ifylgje Jon Skrede. Dermed er det to Chevroletar i Jølster, begge skikkelege stasbilar som nok vekte oppsikt då dei dukka opp i bygda. På Skei fekk dei nokre år seinare ein brukt Mercedes 1926-modell og deretter Plymouth og Buick.

Bilen på Vassenden fekk i 1938 selskap av ein Dodge, og ein Ford i 1956. På eit bilete frå rundt 1960 er alle tre bilane oppstilte ved hotellet og Chevroleten har no fått det nye skiltnummeret S-10402.

## Ny eigar og nytt liv

Magne Støfring, nevø av Arne Støfring som var den siste i Støfring-familien som dreiv hotellet, eig bilen i dag og han kan fortelje ei lang historie om ein bil i fullt forfall som no er kommen på vegen att.

– Ei lukkeleg historie, bilen er her og det er bra. Den blir aldri seld, slær Magne fast, og kan fortelje om mange som ville kjøpe bilen då den sto i eit vognskjul, ramponert og sundrusta.

I mange år sto den lagra både i ein garasje på hotellet og i tunet på Støfring. Den vart teken ut av drift på slutten av seksti-talet, og vart snart leikeobjekt for ungane på garden, ein aktivitet som ramponerte det meste. Det var til slutt lite som minte om den stasbilen som kom til Vassenden i 1928, og slik var det fram til 2006. Då dukka det opp ein polsk avløyssar på Støfring, og denne karen synte seg å kunne meir enn å mjølke kyr. Han var også ein bilinteressert og hendig kar, som i tillegg hadde planer om å bygge seg hus i Polen. Til husbygginga trengde han sjølv sagt pengar, og sidan han skulle vere på Støfring berre om sommaren, så tilbaud han seg å ta bilen til Polen og restaurere den i løpet av vinteren. Magne Støfring slo til på dette og såg endeleg ei løysing på det å få bilen i stand og på vegen att.

Men så vart det til at polakken vart verande på Støfring heile året, og dermed vart det berre i feriane han kunne jobbe med bilen. Såleis vart bilen verande i Polen heilt til sommaren 2009, då var den klar for transport tilbake til Noreg. Og det som no kom til Støfring var ein fullt restaurert bil, lakka i den opphavlege blåfargen, med nyoverhala motor, nye dekk, mange nye karosserideler og ny kalesje. Det einaste som mangla var den originale inskripsjonen på framdørene: «Vassenden Hotel og Skyss-stasjon». Men den skal på plass, ifylgje Magne Støfring, som no kan vise fram gamledrosja på Vassenden god som ny.

## Motoren betre enn ny

Motoren i gamledrosja er ein treliters firesylindra rekke-motor på ca. 40 hk. Ikkje mykje hestar samanlikna med sylindervolumet, men så er det noko som heiter dreiemoment, og det er tydelegvis i orden, for ifylgje Magne Støfring så er det bra drag i den, og bilen er også lett. Ein skulle kanskje tru at ein motor som har stått i ro i 40 år ville vere om lag umogeleg å få i gang att, men slik var det ikkje. Den har årleg hatt sine omdreiingar på veivakselen, slik at stempel og sylinderveggar har fått olje, så motoren var på sett og vis «i live». Men overhaling måtte sjølv sagt til, og motoren vart demontert og sylindrefjører skifta før den vart starta opp, og gjekk nesten som ei klokke, men berre nesten. Ein kamerat av han som restaurerte bilen, hørde ein dag på motoren, og meinte at den ikkje gjekk heilt nøyaktig som han skulle. Dermed plukka han sund motoren ein gong til, skifta sylindreforingar, justerte litt, og vips så gjekk den mykje betre. Ifylgje han som tok den siste sjekken på motoren, så er den truleg betre no enn då den var ny. Ikkje verst, tykte den nye eigaren, som er imponert over jobben dei to polakkane har gjort. Dei har rett



Magne Støfring håpar å få bilen på vegen til sommaren. Til den tid står den trygt i garasjen på Støfring. Foto: Hallstein Dvergsdal

og slett bygd opp att ein bil frå grunnen av, ein bil som no er omtrent som ny, og som heller ikkje har fare ille med bankkontoen. Totalt rundt 60 000 kroner har moroa kosta, noko Støfring tykkjer er vel brukte pengar.

– Eg tykte det var gale om bilen berre skulle bli kasta, eg følte det som ei slags plikt ta vare på den og prøve å få den i stand att, fortel han, og legg til at han er glad for at prosjektet no er i hamn.

## På vegen til sommaren

Bilen hadde nokre turar på vegen i 2009 og i fjor, men i år har den stått i garasjen. Sommaren har ikkje akkurat vore den rette til å farte rundt med open bil frå 1928, men neste sommar håpar Støfring at det blir nokre turar med stasbilen, då med registreringsnummeret frå 1928. Det står i dag på ein bil i Møre og Romsdal, og eigaren har sagt seg viljug til å late Støfring overta skiltnummeret. Men så enkelt er det visst ikkje, ifylgje Biltilsynet, som ikkje heilt vil vere med på ideen om å flytte over registreringsnummeret. Veteranbilforbundet har overteke saka, og Magne Støfring har god tru på at han til sommaren kan tøffe rundt i ein Chevrolet Touring frå 1928 med registreringsnummer S-1166.

Til den tid skal også den originale firmalogoen på framdørene vere på plass. Dermed har den gamle stasbilen med masse sjel også fått eit nytt liv. Alt takka vere ein bilinteressert og fingernær polsk avløyssar som kom i kontakt med ein bilinteressert jølstring med eit spennande restaureringsobjekt. Eit objekt som såg ut som ein skrap-haug, men no er forvandla til gamledrosja på Vassenden, over 80 år etter at bilen første gong kom til Jølster.

## ■ Kjelder:

Klakegg, Anders O.: Bygdebok for Jølster, Jølster kommune 1985  
Førsund, Finn B.: Jølster bygd og bank, Selja 2001  
Myklebust, Kåre: På hjul, Selja 2007  
Diverse dokument i samband med bilkjøpet i 1928, privat eige Støfring, Magne: Munnlege overleveringar om restaureringa av bilen

# 50 år med organisert målungdomskamp

Av Janne Nygård, leiar i Norsk Målungdom

«Kva skal vi gjera med dei som ikkje er med i Noregs Mållag? Kva skal vi gje dei unge som susar på motorsykel gjennom bygdene, dei som les «Det Beste» og «Verden Rundt» og kastar seg over grammofonplater med Duke Ellington?». Sitatet tilhøyrrer Sigmund Skard då han tala til landsmøtet i Noregs Mållag i 1955. Den 3. august 1961 samla ungdom seg på Vinstra og skipa ein landsfemnande organisasjon som skulle organisere ungdom i striden for nynorsken. Ungdom hadde vore med i mållagsarbeidet heilt frå starten av, men på 50-talet såg det ut som om ungdomen ikkje fann seg heilt til rette hjå dei store, etablerte nynorskorganisasjonane. Ein ny ungdomskultur voks fram – kanskje vart vi for kule for å vere med i den same organisasjonen som besteforeldra våre? Organisasjonen skulle vekse seg stor og slagkraftig, og i år fyller vi heile 50 år.

NMU har sidan vi starta opp vore ei vitamininnsprøyting i målrørsla og har bidrege med mykje viktig. Mellom anna tilførte vi, og tilfører enno, optimisme i målarbeidet. Nynorsken ligg ikkje på sotteseng, det er til kvar ei tid ein god flokk med ungdommar som står klare til å kjempe for språket, og det kjem med fleire kvart år. Vi har òg drive med ein del vaksenopplæring. Aktivisme og aktivitet har vore eit viktig prinsipp i NMU heilt frå starten av, og det tok litt tid før den eldre garden skjønna at det er ein viktig nøkkel til suksess og framgang i saker.

Vi vann kampen for nynorskelevane sine rettar til å få lærebøker på nynorsk til same tid og pris som bokmålsbøkene. I 1971 streika over 30.000 elevar ved 112 skular for å få lovfest denne retten. Norsk Målungdom stilte seg òg i spissen for retten til å kunne bruke dialektane overalt. I dag er det ingen som rynkar på nasen om ein stortingspolitkar eller ein programleiar på TV snakkar sin eigen dialekt. For 40 år sidan var ikkje dette sjølv sagt. NMU kjempar – og har kjempa – for både nynorsken og dialektane. Av seinare saker der NMU har vore viktige, er kampen for å få dataprogram på nynorsk – noko som kan verke fjernt no, men som var ein viktig siger kring årtusenskiftet. Og i 2008 kunne vi feire at vi etter ein kampanje for meir nynorsk kinoteksting fekk ein kinofilm teksta på nynorsk – for første gong sidan Ronja Røvardotter i 1984!

Ei anna sak som har vore viktig for NMU er opphevinga av nynorskforbodet i rikspressa. I dag vert journalistar i Dagbladet og VG framleis nekta å skrive på eit av dei to offisielle skriftspråka i Noreg, sjølv om dei sjølv hevdar å skulle representere heile landet. Den saka har vi ikkje tapt, for den saka er ikkje over. Slike sigarar vert ikkje vunne over natta. Kanskje vinn vi ikkje fram før ein ny generasjon redaktørar kjem til roret. Men vi vil vinne fram til slutt – fordi vi veit at vi har rett. Vi har òg vore med på å trekkje inn internasjonale perspektiv i den norske målstriden. Reiser til mellom anna Kviterussland og Vest-Sahara dei siste åra



Janne Nygård under landsmøtet i Noregs Mållag i 2011.

Foto: Hallstein Dvergsdal

har lært oss mykje om korleis andre kulturalar kjempar for sin rett til å uttrykke seg på eige språk.

Dette året har NMU norskfaget øvst i arbeidsprogrammet. Vi skal sikre sidemålsordninga og gjere ho betre – alt for mange elevar opplever ei dårleg nynorskopplæring, noko vi veit er med på å auke motstanden mot faget. Med elevane bak oss skal vi seie klårt og tydeleg i frå om at dagens ungdom ikkje ønskjer mindre kunnskap i skulen – men meir.

Ivar Aasen var jamgammal med meg då han skreiv artikkelen «Om vort Skriftsprog» som var der han fyrst tok til orde for at Noreg burde ha eit nasjonalspråk som var tufta på det norske folkemålet. Det er kanskje som ungdom at ein får dei sprøaste og villaste ideane – og det er kanskje som ungdom at ein er galen nok til å føre desse ut i live. Kanskje tenkte Ivar når han var komen litt opp i åra: Kva er det eigentleg eg har vikla meg inn i? Målrørsla treng spreke ungdommar med sprø idear, og ungdommar treng målrørsla og språkstriden for å skape det samfunnet vi har lyst til å leve i: Eit samfunn der vi kan snakke fritt på vår eigen dialekt og der vi har rett til å lese og skrive språket vårt utan å verte møtt med ein mur av språkleg undertrykking.



# – Eg er nok ikkje den brura

Av Helge Arild Bolstad

Det er i år 16 år sidan Rakel Viken døydde på sjølv julekvelden, 104 år gamal. Viken var ein velsett skribent og diktar her i Jølster. Ei mengd prologar, poetiske vers og prosa fekk gjennom eit langt liv signaturen R.V. Ei samling ord og uttrykk frå jølstradialekten vart gjeven ut i bokform.

I 1982 vitja redaktør Helge Arild Bolstad den då 90 år gamle Rakel Viken i heimen hennar på Skei. Med løyve frå Bolstad gjev vi her att det intervjuet som den våren vart prenta i vekevisa *Dag og Tid*.

– Nei, eg er ikkje Jølstrabrura, slær Rakel Viken fast. – Ikkje den brura. Det musikkstykket vart laga til ei heilt anna jente. Det var ei pen brur. Men brudgommen var endå meir staseleg.

– Eg er elles ikkje heilt med på den bruken musikken har fått. «Jølstrabrura» er blitt bryllaupsmarsjen framfor nokon av dei mange musikkstykkane hans Anders. Det er ein fin marsj, men ingen særskilt god marsj til bruk i bryllaup. Han ville høve langt betre som spel i ei ungdomsfylking. «Huldresølvet» burde vere bruremarsjen her frå Jølster, meiner Rakel Viken (90). Ikkje berre fordi det er eit varmt og vakkert stykke musikk, men òg fordi dette bruresølvet er noko dei er heilt åleine om i bygda her inst i Sunnfjord, og fordi segna omkring sølvet har gått frå munn til munn i 400 år.

– Mystikken kring dette sølvet er noko som framleis opptek mange her i Jølster. Ja, også mange sakkunnige utanfor bygda vår er nyfikne på segna. Svaret får vi venteleg aldri. Og bra er kanskje det. Så kan dette merkelege eventyret framleis inspirere andre, slik det inspirerte Anders til å lage noko av det beste han har gjort. Vi har god bruk for segnene, seier Rakel. – Ei verd som er oppteken av å forklare alle hendingar, vil snart bli ei fantasilaus verd. Og ei verd utan fantasi, er som hjulet utan drev.

Eg er på innstig hjå Rakel Viken i den vele stova hennar ved innenden av Jølstravatnet. Det er ein vakker vårdag. Regndråpane heng i bjørkebarken som klåre krystallar. Restar etter vinteren strekkjer seg som gråblå fingrar nedetter revnene i dei isstrokne fjella som landet har lært å kjenne gjennom ein prestesons makelause kunst. Astrup prydar òg veggane hjå Rakel. Saman med pent innråma noteark og bilete av Anders Viken, – mannen og spelemannen som døydde frå henne i 1977 etter eit langt og luk-



keleg samliv. Vener av heimen fortel om kor godt det gjorde å kome inn i stova åt det aldrande ekteparet og sjå dei sitje der tett saman og underhalde kvarandre; ho med dikta sine, han med slåttar på fela.

«Kjærleiken er ikkje rett sett før ei vitjing hjå Rakel og Anders», seier dei som slikt minnest. Eg tvilar ikkje på dei orda etter å ha opplevd Rakel fortelje om mannen sin. Samtalen vekslar mellom lått og alvor, skjemt og sår gråt. Kjærleiken blømer gjerne rikast hjå den kjenslevåre, og Rakel Viken er vår for kjensler, sine eigne og andres. Så skriv ho då òg i sitt einognittiande år framleis varme ord om gode grannar i lokalbladet så snart høvet er der. Ein artikkel signert R.V. vert lesen med age i indre Sunnfjord.

«Eit møte med Rakel Viken er som å stemme sjølv sjela»,

seier andre. Ingen går fattigare ut or den heimen. Heller ikkje eg.

– Fortel om dette merkelege sølvet ...

– Huldresølvet har følgd slektene på garden Kjelsnes i 400 år, etter det vi veit i dag. Korleis det hamna der, er ei gåte. Ingen kjenner til at det nokon gong fanst ein sølvsmed her i grendene. Eg har høyrte hevda at huldresølvet skal ha kome frå Hardanger. Men eg forstår ikkje då kvifor dette sølvet skal finnast berre ein einaste stad i landet vårt. Det er eit mysterium, om vi då ikkje skal feste lit til sjølv segna. Den fortel om eit trulova par her i Jølster. Jenta var på stølen då guten ein kveld fekk hug til å vitje henne. Då han kom dit, høyrde han stor ståk innomhus. Han kleiv opp på taket, glytta ned gjennom ljoren og fekk sjå jenta si pynta til brur av sjølv huldrefolket.

No visste guten råd for også slikt, han, fortel Rakel. Han kjende godt til kor redde huldrefolket var for stålet. Han treiv difor kniven og kasta han like ned i fanget hennar. Huldrefolket la til skogs det snøggaste dei vann, utan å få med seg sølvet. Det tok guten med heim til bygda og brukte sølvet seinare som hovudstas på brura si. Så slik kom huldresølvet hit til Jølster, fortel segna. Og frå den tid har generasjon etter generasjon her i Jølster brukt denne vakre brurekruna. Men det finst dei som har nekta plent å bruke henne, nettopp fordi dei underjordiske hadde sølvet med seg den gongen for meir enn 400 år sidan. Rakel Viken har eit privat arkiv plassert under bordet i stova si, lett å nå. Der ligg skrivebok på skrivebok. Det finst mange

ledige stunder i livet åt ei 90 år gamal kvinne som bur åleine, og i slike timar tek ho gjerne fram bøkene saman med skrivesaker. Ho avsluttar nett no to sogemanuskript; det eine om bryllaupsskikkar i Jølster, det andre om gravferds-skikkar. Andre bøker er fylde med dikt, prosa og prologar som Rakel har forfatta gjennom eit langt liv i teneste for ordet. Og ho samlar på gamalt ordtilfang frå bygdemålet heime. For meg les ho ei lang soge skriven med ord og vendingar som mest alle er gått ut or daglegtalet. Eg skjønar ikkje stort av det ho les, men eg forstår verdien av det som er samla. Det må sogelag og andre òg gjere no, slik at dette verket kan få den lagnad arbeidet fortener.

– Eg har alltid hatt ordet kjær, fortel ho. – Eg kunne skrive frå før eg byrja på skulen, og eg vart tidleg hugteken av dette å forme ord til vendingar og rim. Seinare er det blitt slik at folk og lag kjem hit når dei vil ha dikta vers eller anna skrive arbeid. Og merkeleg nok; det gjer dei framleis, seier nittiåringen smålåtent.

Andre fortel at dei ingen betre stad kan gå.

– Du kan sitje her i 1982 og godt hugse tida då vårt land var i union med Sverige. Er her mange verdier gått tapt i Jølster dei siste 80 åra?

– Gje meg éin dag og eg skal fortelje dei alle!

Ja, Det er ugrent i dag å kjenne att den bygda eg vaks

– Vi som var unge i Jølster for 80–90 år sidan, visste kva vi hadde å rette oss etter. Jølster var lenge fysisk avstengt frå framand påverknad. Folk i Jølster laut skape normene og skikkane sine sjølve. Det var aldri greit å gå utanom desse. Måltida, til dømes, hadde eit heilt klårt regelverk. Alle skulle setje seg samstundes. Mor og far hadde høgseta som sine. Gutane skulle sitje på langbenken innmed glaset, jentene på benken rett over. Det er sagt frå gamalt her i Jølster at «ein god husbond er som ei lov». Og nåde den som braut denne lova.

Unge i dag vil truleg smile åt ei slik innstilling. Det kan nok også høyrast brutalt ut, dette. Men vi som var unge den tida, opplevde dette slett ikkje slik. Vi opplevde husbonden som ei mild og klok «lov». Gladare ungdom har aldri funnest i bygda, enn den som vaks opp trygt tufta på tradisjonen heime.

Rakel Viken veit godt at ho ikkje har mange av dei yngre kvinnene med seg i eit slikt syn. Men så har heller ikkje desse kvinnene stor age å hente hjå den fritt talande kvinna frå Skei i Jølster. Rakel meiner kvinnefrigjeringa har utvikla seg i ei heilt urimeleg lei. Ho vert forferda når ho høyrer enkelte synsmåtar som ligg under dette strevet etter jamstilling mellom kjønna.

– Det er gått så altfor langt og skeivt, hevdar ho. – Kvin-

“

– Nei, eg er ikkje Jølstrabrura, slær Rakel Viken fast.  
– Ikkje den brura. Det musikkstykket vart laga til ei heilt anna jente. Det var ei pen brur. Men brudgommen var endå meir staseleg.

opp i. Eg tenkjer ofte attende til tida like før og etter hundreårs-skiftet. Då tenkjer eg først og fremst på det gode grannskapet vi hadde. På samhaldet vårt. Folk hjelpte kvarandre i kvardag og til fest. Bryllaupa, til dømes, var reine spleiselaga. Og få hus her i Jølster vart bygde utan grannehjelp. Far fortalde ein gong at det ikkje hadde vore sak mellom grannar i bygda så lenge han kunne hugse. Frå eigne unge år minnest eg den same gode kjensla av å vere alle grannar like nær. Vi var heimkomen i stovene, kvar stad vi kom.

– Kva tenkjer du om den materielle og økonomiske framgangen du har vore vitne til gjennom eit så langt liv?

– At rikdom skapar ring lukke. Armoda kunne vere så stor her i Jølster at grannekona takka Gud kvar gong ho mjølka kyrne. Folk var fattige på gods, men som dei sa: «Vi har Guds velsigning». Det var deira rikdom og lukke.

Vi har det på mange vis godt i våre dagar. Eg medgjev gjerne det. Men skuggesidene er så mange og skuggane så lange. Psykiske lidningar er blitt største medisinske vansken vår. Støtt fleire yngre menneske tek flukt inn i alkoholen, inn i narkomanien. Denne større bruken av rusmidlar lyt føre berre ein vond veg av stad. Den trygge tida kring hundreårsskiftet kjem aldri att. Derfor vert det òg berre meir og meir synd på menneska, meiner Rakel.

Fru Viken trur normoppløysinga må ta mykje av skulda for alt dette elendet.

ner skal kle seg plent som mannfolka. No vil kvinnene òg gå i krigsklede, medan andre skal ta seg av ungane deira. Som om det ikkje finst nok krigskledde menneske i denne verda frå før!

Ut i arbeidslivet skal dei òg, alle saman. Dit skal dei for å tene pengar. Også det meiner eg er urett tenkt. Hadde dei halde seg heime, sydd klede og laga maten til seg og familien, ville vinsten ha vore den same. Klede og barnepass er blitt så dyrt at vinninga må gå opp i spinninga, meiner Rakel Viken.

– Kvinnekampen har gjort verda til ein kaldare stad å vere, seier ho og grunngev synet sitt slik:

– Eg vert slegen av angst kvar gong eg tenkjer på at det

WWW.ISTAND.NO TLF.: 45 00 47 00



iSTAND



Rakel og Anders Viken, 1957.

i dag finst mødrer i dette landet som bed om å få gå i krigen, at det finst kvinner som kvar dag øver seg i å gjere krigsteneste.

Skjønar ikkje desse kvinnene at dei berre er ein ny lekk i våpenspranget? Ser dei slett ikkje at denne støtt større opphopinga av støtt styggare våpen er den fælaste av all synd på jord? Korleis kan det ha seg at vi menneske aldri kan lære å sjå på krigen som noko uverdigg oss? At menn aldri var tenkt til å vekse opp som soldatar for å drepe kvarandre? Korleis kan det ha seg at prestar godtek dette som umælende dyr, – ja, jamvel finn ei grunngeving for denne synda i den heilage Bibelen?

Eg hadde ei eldre søster som var trulova i 1905. Eg ser henne framleis føre meg gråtande då ho tok farvel med guten sin. Han skulle på krigsvakt mot svenskane. I dag grip kvinnene sjølve til våpen overtydde om at di fælare slikt utstyr verda har, di tryggare vil verda vere. Det finst ikkje anna ordet for slikt, meiner Rakel Viken, enn «galskap»!

Kvifor må desse murane mellom folk absolutt reisast?

Rakel Viken spør. Ho har sjølv ikkje noko godt svar. Ho veit berre at tankegangen bak slike usynlege byggverk er så uendeleg fjern frå den grannskapet ho vaks opp med heime på Bolset.

– Etter fem lange krigsår burde vitet ha sagt oss at berre kontakt menneske imellom, kan trygge venskap og såleis fred. Og så er det første vi gjer her vest, å slå oss

saman i ei våpenpakt. Då NATO vart skipa hugsar eg at eg spurde Anders, mannen min, kva han trudde russarane ville gjere no? Vi frykta både det verste. Svaret let ikkje vente lenge på seg. Aust-Europa laga sjølvsaugt si pakt, – landa der òg. På ny var Europa kløyvd. Vi hadde endå ein gong bygd ein mur som måtte skape meir frykt.

Vi er i dag tvinga til å leve med skrekken i oss. Denne verkar inn på oss alle, – same kor godt vi freistar å løyne den for alle rundt oss. Vi får ein krigspsykose som råkar sjølv helse vår.

Eg forsvarar slett ikkje kommunismen. Det er ei politisk tvangstrøya som ingen skulle bere. Men eg må medgje at utviklinga i USA uroar meg sterkt nett no. Vi kan ikkje lite på den amerikanske presidenten heller, så lenge han turar fram som Reagan gjer i dag.

I 1905 var Noreg og Sverige på kanten av krig. Likevel kjende vi oss den gongen rimeleg trygge på at alt ville løyse seg opp på fredeleg vis, slik det sømer seg menneske. Eg trur årsaka til den trygggleiken var at vi alle visste dei to landa var styrde av vise menn. Oscar 2. og Christian Michelsen var politiske leiarar av beste slaget. Eg sit med ei kjensle av at verda manglar slike folk i dag; at dei som no dreg i trådane, er vitksapsfolk og industriherrar med interesser i våpensmiene.

– Ser du slett ingen voner?

– Jau, eg gjer det. Eg er streng mot dei kvinnene som tek på seg krigsklede. Men eg vil rose dei mange andre som gjer det kanskje aller viktigaste nett no. Fredsmarsjane breier seg i dag som rolege ringar i vatnet, og i brodden for desse går vanlege kvinner. Eg er samd med synspunkta deira. Vi kan ikkje overlata framtida til politiske kommissærar åleine. Vi lyt no i åttiåra få til ei folkereising i freden si teneste.

Men, sukkar Rakel; også desse små stega ser ut til å vere for mykje av det gode for dei med monopol på politikk. Fredsfolket må knusast, og då er ingen ting meir effektivt enn å tale vrangt om nesten. Vi får vite at dette er truskuldige menneske, at dei går framandlands ærend i kampen om framtidverda.

No vart dette, rett nok, avsanna av norske styresmakter. Men likevel, ... gifta er sådd. Tvilen gneg menneske som gjerne vil ta del i fredsarbeidet. No torer dei ikkje, av frykt for å hamne i ein flokk av «svikarar». Og verda held fram sin skakke gang mot noko ingen inst inne ønskjer, seier Rakel Viken – og slær seg demonstrativt for munnen. Ho er redd ho dummar seg ut no, med alt fredssnakket sitt.

– Men, legg ho stilt til, – eg har no vore medviten fleire krigar enn folk flest her i landet. Eg kan framleis høyre dei samtalane far min og grannen hadde om Boarkrigen i det sørlege Afrika. Eg fekk stygg til engelskmannen den gongen.

Rakel Viken var vaksen kvinne då første verdskrigen skapte blodspille i Europa og magre år for dei fleste også i Noreg. I dag hevdar ho at denne krigen fekk meir å seie for vårt land òg enn det sogebøkene samla fortel oss.

– Krigen ute i Europa markerte eit kulturskilje i Noreg méd. Etter denne krigen kom mangt framandt til landet vårt. Jazzen var det vi lettast såg breie seg. Men dei nye rytmane prega ikkje berre musikklivet. Dei fekk innverknad på kulturlivet vårt på så mange måtar. Kulturen og kunsten i landet vart aldri den same etter denne krigen.



Noko av dette nye kunne eg godta. Men langt frå alt. Ta deg sjølv ein rotur på vatnet her ein sval vårveld. Høyr låtane naturen sender over vassyta. Sjå skuggane som kryp nedover dei glattraka fjellssidene. Då vil du òg skjønne at ikkje all denne heimhenta kulturen høver oss her, at mangt kan gå tapt om vi ikkje heile tida er kritiske til utviklinga, men let henne styre seg sjølv.

Til all lukke finst det mange unge i dag som er blitt meir og meir merksame på dette, som tuftar det nye på det gamle og skapar sin moderne kultur i pakt med det beste frå tradisjonane. Det gler meg kvar gong eg ser dette skje her i Jølster.

– Du vaks opp med ein av dei fremste biletkunstnarane i vårt land, Nikolai Astrup, som samtidig sambygding. Du følgde utviklinga hans som kunstnar på nært hald. Han skapte ei interesse hjå deg for målarakunsten som eg veit framleis er levande. Kva kan du fortelje om dette?

– Vi hadde den skikken her i Jølster at nygifte skulle gå fram og attende og «syne seg fram» kyrkjesundagen. Eg hugsar godt då Engel og Nikolai Astrup «synte seg». Vanen var at brudgomen skulle kle seg i mørk dress den dagen. Astrup merkte seg den gongen òg ut med sin ljose dress, medan Engel gjekk kledd i den same kjolen som Astrup seinare måla henne i. Eg fortel dette for å syne at Astrup ikkje var eit typisk menneske frå bygda her i eitt og alt. Han gjekk sine egne vegar privat, som han gjorde i kunsten sin. Han skapte noko nytt med bileta sine her frå Jølster, men på ein måte som gjer at ingen jølstring har vanskar med å kjenne att pulsslaga frå bygda vår. Astrup var ein nyskapar med rot i det ekte, slik det ekte Jølster den gongen var.

Annleis er det med samtidskunsten no, meiner Rakel Viken. Mykje av denne opplever ho som uforståeleg.

– Eg skjønner sjølv sagt at ein kunstnar heile tida må vere på leit etter nye måtar å uttrykkje seg på. Men kunstnaren må då ikkje gøyme og gløyme seg sjølv fullstendig. Det finst så mange nyansar i menneskelivet at det skulle vere nok originalt å hente fram, utan å måtte gripe til den reine meiningsløysa. Eg forstår ikkje kvifor kunsten i dag må vere så tåkete. Kvifor kan dei ikkje vere klårare, alle dei som prøver seg fram med biletkunst? Målarstykket er også eit medium. Men eit medium utan mottakar har ein ring verdi, meiner eg. Men så er jo eg blitt nitti år, og burde kanskje halde munn om slikt?

Rakel Viken er vel verd dei timane eg denne dagen har saman med henne. Ho er eit kunnskapsrikt menneske med eit personleg syn på mange sider av tilveret. Som intervjuobjekt er ho interessant nok åleine. Eg kan likevel ikkje dra frå den vesle okergule stova på Skei utan å ha samtala også om mannen ho levde saman med gjennom eit gjensidig trygt ekteskap, – til han døydde for fem år sidan. Den produktive komponisten, fiolinisten og felespelaren frå Jølster er rett nok ikkje nemnd med eitt einaste ord i Cappelen sitt store musikkleksikon! Men dette fortel meir om dei ansvarlege for dét bokverket, enn det gjer om Anders Viken. Skamma får forlaget dele med redaktøren, og saman bør dei syte for å bøte på fåkunna si til neste utgåve. Hjelp skal dei her få: «Anders Viken (1898–1977) komponerte vel 60 klassiske tonestykke og

meir enn 400 valsar, slåttar m.m.» Det veit Rakel Viken å fortelje og ho skulle kjenne musikken hans betre enn dei aller fleste. Ingenting, fortel ho, inspirerte Anders meir enn ein fisketur på vatnet. Det kunne òg bli smått med fiske under desse kveldsøktene. For rett som det var, vart Anders Viken sitjande i båten og plystre fram tonar!

– Var han nær nok, kunne folk høyre han til lands. Då visste dei at fela ville bli henta fram så snart han var heime att; at ein ny danseslått var på veg. Det slo sjeldan feil, fortel Rakel.

– Kva vil du seie særmerkte Anders som spelemann?

– Først og fremst spelemåten hans. Spelemenn flest er så altfor opptekne av å markere takten i alt dei gjer. Slikt brydde Anders seg lite om. Han kunne få ein rheinlendar til å låte som eit heilt anna musikkstykke. Eg vil påstå at det var ein styrke for han at han aldri hadde gått i lære. Han hadde øvd inn sin eigen teknikk på fela. Han spelte slik han sjølv likte å spele, slik han sjølv tykte det måtte låte for å vere rett spel. Musikken hans fekk på den måten sitt eige og heilt personlege liv, ulikt alt anna av slåttspel, meiner Rakel Viken.

– Tente han pengar på musikken sin?

– Dei gongane han var ute og reiste, hende det at han kom heim att med ein 50-kronesetel. Inntekter av spelet hadde han elles lite av. Men det vesle han hadde, kom vel med for ein lærar som ikkje fekk fast post før i 1930. Likevel; eg skal ikkje klage. Han hadde vikarbeid. Eg sydde sjølv alle kleda våre. På det viset greidde vi gjelda. Eg hugsar enno kor godt det kjendest kvar gong Anders hadde vore i banken og gjort opp for seg. Dei dagane song eg høgt!

Kjærleiken let seg ikkje lenger løyne. Rakel Viken er om å ta til tårene. Ei enno kvikk hand freistar å tørke væta vekk frå kjaken før eg ser det. Men røysta brest då ho lågmælt seier:

– Då eg hadde henta oss blommar frå marka ute, sette Anders seg gjerne ned og laga musikk til plantane. Det vart så tomt i stova då Anders fór. Eg tykkjer at eg høyrer tonane etter han kvar dag i stova. Det er forferdeleg at eit menneske kan bli så brått borte, og aldri att vil kome.

Ja, det er dét, tenkjer eg, då eg tek stilt farvel. Men tanken legg liksom til:

– Trygt faren er den som har eit ettermæle som er etla for æva i norsk tonekunst. Same kva dei måtte meine ... i eit forlag ... ein stad i Oslo.



## Glimt frå 100-års feiringa

Atle Hamar hadde historietime i gamle Gjesdal skule i samband med 100-årsjubileet tidlegare i haust. Her får han takk og blomar av leiar i Jølster Mållag, Hilde Yndestad Halland.

Foto: Hallstein Dvergsdal



Målveka og jubileumsfeiringa var eit samarbeid mellom Jølster kommune og Jølster Mållag. Dåverande ordførar Gerd Dvergsdal var sjølv sagt til stades på kulturkvelden under feiringa.

Foto: Hallstein Dvergsdal



Linda Øvrebø imponerte publikum med "Den fyrste song" av Per Sivle på kulturkvelden.

Foto: Hallstein Dvergsdal

 **elfag**

Årdalsbakke Elektro AS  
Lona, 6843 Skei i Jølster



[elfag.no](http://elfag.no) - Når du treng elektrisk

**torleivRIPE** 

6843 SKEI

BYGGMESTER

Tlf. 57 72 83 33

Fax.: 57 72 82 87

Mobil. 945 66 144 - 911 75 903



# EIN MEDPELAR I Esso SKEI!

Vår honnør til alle i Jølster som yter ein innsats til målsaka i kommunen.



Her møtast alle!



STOR KIOSK



VECKRO



KAFFIBAR

**SKEI SERVICENTER**

6843 SKEI • TLF. 57 72 82 34 • FAX. 57 72 67 33



Rør og rørartiklar  
Sanitæreanlegg og utstyr  
Varmepumpe luft/vatn  
Pumpeanlegg  
Kjøkkeninnreiing  
Baderomsmøblar

## JØLSTER RØR A/S

Aut. rørleggarmeister  
TROND AARDALSBASSE  
POSTBOKS 43 • 6841 SKEI I JØLSTER  
TLF. 57 72 83 50 • MOBIL 95 98 78 20

## VASSENDEN TAXI



6847 Vassenden

Mobil 48 21 00 22



## JØLSTER BIL

6843 Skei i Jølster  
Tlf. 57 72 68 90  
[www.jolsterbil.no](http://www.jolsterbil.no)

# SPAR



8-20 (9-18)

6843 Skei tlf. 57 72 81 22

## Kjosnes Feriehytter

Høgstandardhytter - heilårsovernatting

[www.kjosnes.no](http://www.kjosnes.no)  
Telefon: 57 72 85 29/970 19286

## Sentralt i fylket



### Ideelt for avvikling av møter, kurs og konferansar


Skei Hotel er blant dei leiande kurs-/konferansehotella i fylket. Hotellet har plass til 250 overnattingsgjester, den nye "Jølstersalen" tek inntil 400 personar i plenum og kan delast i 3 salar. Vår kursvert syter for trygg og god gjennomføring av alle kurs- og møtearrangement.

Vi har breiband i heile kurs- og konferanseavdelinga og på alle gjesterom. I den flotte symjehallen er det behageleg sommartemperatur heile året. Skei Hotel kan også tilby populære aktivitetar i nærmiljøet, t.d. rafting, urvandring, golf, paintball, brevandring og villmarksleir.

Hjarteleg velkommen!

6841 Skei i Jølster  
Tlf. 57 72 78 00  
Fax 57 72 78 01  
info@skeihotel.no  
www.skeihotel.no

Best Western  
**SKEI**  
Hotel



## Utemiljø med stil

### NATURSTEIN

kan leverast i ulike typar:

- Handstein
- Liten maskinstein
- Maskinstein
- Trappetrinn

### SKIFER –

Vi har alt innan skifer

Vi kan gjerne vere med og gje råd om verktoy, bearbeiding og montering av steinen. Vi kan og tilby oppføring av murar og skiferlegging.

Ta gjerne kontakt for pristilbod.



Kontakt oss på tlf. 917 63 804 / 915 65 495 – eller via faks nr. 57 72 70 16



[www.nordfjordskifer.no](http://www.nordfjordskifer.no)

44



**KLOPPE KRÅNA**  
Frisørsalong  
tlf. 57 72 85 55

KEUNE  
Cutrin  
BED HEAD  
TIGI

## SKEI TAXI

90 57 55 55

Drosje/rullestolbil/turvogn  
Opp til 16 passasjerplassar

6843 Skei

## Stein Arne Sunde As

918 94 578

Transport – Graving – Muring

Sentral godkjenning  
Maskinentreprenør



## Eikås Frisør

EVA ÅRSET  
6847 VASSENDEN

Opningstider etter behov.  
Timebestilling  
TELEFON 57 72 75 88



6847 Vassenden • tlf. 57 72 75 50 • www.jolsterskisenter.no

## Jølstramuseet

Gamle røykstover frå tidleg på 1600-talet og fleire tusen historiske ting som viser korleis jølstringen levde i gamle dagar.  
Sommarope frå 19/6-21/8 elles etter avtale.  
tlf. 97 14 09 75



## Eikås Skogsdrift AS

6847 Vassenden

Tlf: 57 72 74 33  
Mobil 97 64 84 82  
Fax :57 72 74 45



## Ynskjer du hyttetomt i Jølster?

### Ta kontakt med

Holtane Hyttegrend AS,  
6847 Vassenden

e-post: [ivar@isunde.no](mailto:ivar@isunde.no)  
mobil: 901 96 272  
[www.holtanehyttegrend.no](http://www.holtanehyttegrend.no)



## ALF HELGHEIM & CO AS

Skei Sentrum • 6843 Skei i Jølser  
Tlf. 57 72 83 11 • [post@alfhelgheim.no](mailto:post@alfhelgheim.no) • [www.alfhelgheim.no](http://www.alfhelgheim.no)  
FOTO • UT • GULL • SØLV • MUSIKK



## Jølster Betongbygg a.s



Tlf. 57 72 70 18  
Mob. 908 83 940

### ENTREPRENØR

## Ivar A. Sunde a/s



6847 Vassenden

Telefon 57 72 72 96 • Mobil 90 19 62 72

Utfører alt innan tre og betong

MASKINENTREPRENØR  
**Jostein Sunde As**  
 jostein-sunde.com

graving • sprenging  
 transport  
 singel • grus og pukk

6843 SKEI I JØLSTER  
 Mobil 95 75 96 94

**COOP MARKED SKEI**

telefon 57 72 83 77 faks 57 72 85 15  
 opningstider 9-20 (18)

**BYGG MIX**

telefon 57 72 87 68  
 opningstider 9-16.30 (13)



**JØLSTER SA**

telefon 57 72 83 77 faks 57 72 85 15  
 6843 Skei

Jølstraholmen

SPAR

- du kjenner oss

Kunde nr.

**Bestillingsseddel Pizza**

Sett kryss for din variant med tilbehør. Bestilles i vårt pizzautsalg ved ferskvaredisken!

	Ingrediensar	
<input type="checkbox"/>	Nr. 1 Skinke, champignon og paprika	169,-
<input type="checkbox"/>	Nr. 2 Pepperoni, ananas og purre	169,-
<input type="checkbox"/>	Nr. 3 Marinert biff, bacon, rødløk, paprika, purre og champignon	169,-
<input type="checkbox"/>	Nr. 4 Mais, ananas, rødløk, paprika og champignon	169,-
<input type="checkbox"/>	Nr. 5 Marinert kylling/biff, rødløk, paprika og champignon	169,-
<input type="checkbox"/>	Nr. 6 Kjøttboller, bacon, mais, tomat og paprika	169,-
<input type="checkbox"/>	Nr. 7 Marinert kylling, mais, løk, purre og paprika	169,-
<input type="checkbox"/>	Nr. 8 Biff, bacon, skinke, ananas, mais og løk	169,-
<input type="checkbox"/>	Nr. 9 Marinert svinekjøtt, rødløk, ananas og purre	169,-
<input type="checkbox"/>	Nr. 10 Marinert kylling, bacon, pepperoni, rødløk og paprika	169,-

Ved kjøp av pizza får du 1,5 liter mineralvatn med på kjøpet!

Dressing kr. 15,- pr. beger

1 - Rommedressing m/kvitløk  2 - Salsa saus beger

Kunde nr.

**Kundeseddel**

No. 1  
 No. 2  
 No. 3  
 No. 4  
 No. 5  
 No. 6  
 No. 7  
 No. 8  
 No. 9  
 No. 10

Dip nr.

Kundenavn

Ring **57 72 89 02** for bestilling



**AUDHILD VIKENS VEVSTOVE**

Skei 57 72 81 25 • Førde 57 82 00 84



**Eg ønskjer meg berre snille born, eg :-)**

Kva gir du i gåve til ein som har "alt"? Visa Gåvekort!  
Kortet kan brukast i alle butikkar og på nett.  
Kjøp gåvekortet i banken eller på [ssf.no](http://ssf.no).



[ssf.no](http://ssf.no) • [meirennbank.no](http://meirennbank.no)



**Din lokale kraftleverandør**

Vi er også leverandør av:



**TOSHIBA**  
Varmepumpe  
og klimaanlegg




**ALARM**  
for hus, hytte  
og næring



**SMÅKRAFT**  
Forprosjekt til  
nøkkelferdige  
anlegg

**Den lokale drivkrafta!**  
Kontakt oss på tlf. 57 72 23 00

[www.sunnfjordenergi.no](http://www.sunnfjordenergi.no)



*God Jul og*

*Godt Nytt År*



*Elevar ved kulturskolen og Vassenden skule framførde deler av kabareten «Come as you are» på kulturkvelden i samband med hundreårsfeiringa for nynorsk i Jølster. Foto: Hallstein Dvergsdal*

Kr 80,- ISSN 0801-9592



9 770801 959289